

ÅRSRAPPORT 2000



■ HELSE- OG SOSIALAVDELINGA




■ KULTURAVDELINGA

■ NÆRINGS- OG MILJØAVDELINGA



■ SAMFERDSELSAVDELINGA

■ TANNHELSE



■ UTDANNINGSAVDELINGA

■ ADMINISTRASJONSAVDELINGA



MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE

- er eit folkevalt styringsorgan for dei 240.000 innbyggjarane i Møre og Romsdal
- utøver viktige regionalpolitiske funksjonar for å styre utviklinga i Møre og Romsdal
- produserer tenester som er viktige for liv, helse og velferd i Møre og Romsdal

Fylkeskommunen er ei omfattande verksemd med nærare 140 store og små driftseiningar rundt om i heile fylket, om lag 6.600 fast tilsette og ei samla årsomsetning på over 4 milliardar kroner.

Denne årsrapporten gjev eit kort, samla oversyn over verksemda til Møre og Romsdal fylkeskommune i 2000. Meir detaljert informasjon om dei ulike tenesteområda til dei øvrige avdelingane finn du i årsrapportane frå

- Utdanningsavdelinga
- Helse- og sosialavdelinga
- Tannhelsetenesta
- Kulturavdelinga
- Administrasjonsavdelinga
- Nærings- og miljøavdelinga
- Samferdselsavdelinga

Årsrapportane ligg også tilgjengelege i PDF-format under kvar ein-skild avdeling si heimeside på internett; <http://www.mr-fylke.org>

Utgjeven av:
Møre og Romsdal fylkeskommune
– mars 2001.

Produksjon:
Informasjonsseksjonen
v/grafisk konsulent Jørgen Eide

Trykk:
EKH-trykk AS, Molde



Fylkesrådmann
Ottar Brage Guttelvik

Møre og Romsdal fylkeskommune kunne leggje fram eit rekneskaps- resultat for 2000 som viser eit drifts-resultat før fondsavsetjingar på 18,7 mill. kroner. Det er det grunn til å vere tilfreds med. Ei av årsakene er at etatane har vore dyktige til å innfri krava knytt til omstillingsprosjektet Omstilling 2000. I 1999 hadde t.d. helse eit meirforbruk på vel 22 millionar kroner, i 2000 var meirforbruket «nede» i knapt 4,6 mill. Størst overskot i 2000 hadde utdanning (10,3 mill.) og næring (6 mill.). Eg vil difor gi honnør til tilsette og leiarar som har halde ein særst høg aktivitet og gitt eit kvalitativt godt tilbod til innbyggjarane i Møre og Romsdal.

UTDANNING

Omstilling 2000 la premissar for den framtidige utviklinga i utdanningssektoren. Vedtaka som vart gjort i fylkestinget la grunnlaget for det vidare arbeidet med skole- og tilbodsstrukturen og innhaldet i opplæringa. Mål-og tiltaksplana for sektoren er blitt eit viktig instrument for utviklinga av ein betre skole for elevane i fylket vårt. Elevkartlegginga som vart gjennomført i samband med differensieringsprosjektet, viser at elevane trivst veldig godt ved skolane våre.

I sektoren har ein lagt vekt på å følgje opp og greie ut ulike struktur- og byggeprosjekt. Det er viktig å tilpasse opplæringstilbod og skolebygg, ein endra pedagogisk kvardag med større fleksibilitet, variasjon i opplæringsmetodar og arbeidsmåtar og ny teknologi.

Retten til vidaregåande opplæring av vaksne vart iverksett og fylkeskommunen har utvikla ei organisering og fleksibel gjennomføring slik at dei vaksne kan få høve til å ta ut opplæringsretten sin.

Overgang til rammestyrt av skolane har vist seg å vere ein suksess. Skolane har tatt godt vare på denne økonomiske ordninga og dei fleste kan vise til overskott. Dette gjer at skolane sjølv kan prioritere innsats- og utviklingsområda sine i høgare grad enn tidlegare, noko som kjem elevane og opplæringa til gode.

Med vedtatt skolebruksplan har ein gjennomført klassetalsreduksjonen i fylket. Frå 2004 vil årgangstalet igjen auke. Vidaregåande opplæring vil få ei spesiell utfor-

dring når det gjeld å rekruttere lærarar. For fylkeskommunen vil det difor vere viktig å ha ein moderne personalpolitikk og vere med i arbeidet for å gjere fylket attraktivt å busette seg i.

TANNHELSE

Innan tannhelsetenesta var 80% av prioritert klientell under tilsyn i 2000. I tillegg blei om lag 12.000 betalande vaksne pasientar behandla. Sett på bakgrunn av dei mange ledige tannlegestillingane, er dette særst tilfredsstillande.

Bemanningssituasjonen for tannlegar har gradvis blitt vanskelegare siste åra. Aldri har det vore meir vakan-sar enn i 2000, då vakansane svara til 20 tannlegeår-verk eller 26% av stillingane. På slutten av året betra likevel situasjonen seg noko, og ved årsskiftet stod 16% av stillingane ledige.

Ei viktig utfordring framover vil derfor vere å rekrut-tere tannlegar og oppnå stabilitet i stillingane. Det vil såleis vere nødvendig å vidareføre og vidareutvikle dei ulike tiltaka som alt er sett i verk for å sikre rekruttering til og stabilitet i stillingane.

SAMFERDSEL

På samferdselssektoren vart det av økonomiske grunnar gjennomført ein mindre reduksjon av bussrutetilbudet saman med ei ekstra takstauke i 2000. I eit breitt anlagt samarbeid mellom statsetatar, fylke og kommune har ein gjennom arbeidet med Fylkesdelplan Transport kome fram til felles mål og tiltak for utvikling av transporthsystemet. Hovudmålet er å betre tilgjengelegheita for folk og gods innafør tenlege rammer for trafikk-trygging, miljø og samfunnet sin ressursbruk.

NÆRING- OG MILJØ

Fylkesplanen og Strategisk Næringsplan (SNP) er nærings- og miljøsektoren sine fremste styringsverktøy. Strategiane i SNP 2001-2004 vil vere leiande for alle innsatsområde og økonomiske disposisjonar innan sektoren.

KULTUR

Kultursatsing er viktig for ei positiv utvikling av Møre og Romsdal. "Kulturplan 2000", som vart vedteken i oktober, er utvikla i nært samarbeid med kommunane, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar i fylket. Haldninga i planen er at kultur ikkje berre er ein sektor, men sentralt element i heile samfunnsutviklinga. Gjennom handling skal tiltaksdelen av planen oppfylle sentrale mål i Fylkesplan 2001 - 2004: «Aktive enkelt-menneske, livskvalitet og levedyktige lokalsamfunn».

Opninga av Nynorsk Kultursentrum med Aasentunet i Ørsta, fullfinansiering av Jugendstilsenteret i Ålesund samt etableringa av Jazzfestivalen i Molde som knute-punktinstitusjon var gledelege og viktige kulturhen-dingar i fylket.

Formidlingsprosjektet "Kulturista" er det einskildtil-taket som samlar flest krefter til felles kulturløft i grunnskulen, og som styrker det samla formidlingsnett-verket. Prosjektet har fått stor merksemd også på nasjo-nalt nivå.

HELSE

Dei somatiske sjukehusa har aldri behandla så mange pasientar som i 2000. Både talet på innlagde pasientar og pasientar behandla ved poliklinikkane har hatt ei auke frå 1999 til 2000. Problemet med ferdigbehandla pasientar har framleis sterk fokus, og ein reknar med at problemet snart blir løyst. Sjukehuset står framfor store utfordringar når det gjeld omstilling, ytterlegare sam-ordning av oppgåver m.v for å tilpasse utgiftene til dei økonomiske ressursane som vil vere tilgjengeleg i tida framover.

Psykiatrien er inne i ein fase med opptrapping og omstrukturering av tilbodet. Det heng saman med at kommunane har fått ansvaret for dei grunnleggande tenestene også for menneske med psykiske vanskar. Det fylkeskommunale tilbodet får no meir preg av reell spesialistteneste. Vi satsar meir på poliklinisk behand-ling og dagbehandling. Opptrapping av tilbodet skjer særleg gjennom styrking av barne- og ungdomspsykia-trien og gjennom etablering av Distrikts Psykiatriske Sentra (DPS). Dette er såleis også dei viktigaste sat-singane i opptrappingsplanen som vart vedtatt av Fylkestinget i desember 2000.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Behovet for å effektivisere fylkeskommunen som orga-nisasjon og tenesteprodusent gjennom "Omstilling 2000", har hatt hovudfokus i sentraladministrasjonen sitt arbeid i 2000. Fleire prioriterte omstillingstiltak er sett ut i livet og har medverka til det gode driftsresulta-tet for fjoråret.

Fylkeskommunen blir stadig utfordra som arbeidsgivar i å skape arbeidsvilkår som gjer at vi kan halde på og rekruttere nok arbeidskraft. Sentraladministrasjonen har ei viktig rolle i å medverke til at dei tenesteprodu-serande einingane framstår som arbeidsplassar med godt arbeidsmiljø og gode utviklingsmoglegheiter i sti-mulerande fagmiljø.

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Driftsoversikt 2000

(Tal i heile 1000 kroner) (Tal i parantes er minustal)

Samanlikningstal med fjoråret er i fleire tabellar utelatne, då summeringsnivåa har endra seg frå 1999 til 2000. Mellom anna har innføringa av Kostra som rapporteringssystem medført endringar i kontoplan og kontostruktur. Likeins har innføring av rammebudsjettering for heile fylkeskommunen medført tilpassingar av kontoplanen.

Driftsoversikta viser netto utgifter for drift pr. rammeområde målt mot korrigerert budsjett før avsetning til disposisjonsfond.

RAMMEOMRÅDE	Rekneskap 2000	Budsjett Korrigerert	Budsjett Opphavleg	Avvik BK - R
11: Fylkesutvalet - Øvrig verksemd				
Driftsresultat	69 470	37 624	108 604	(31 846)
Diverse finansposter	(5 550)	-	-	5 550
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	63 920	37 624	108 604	(26 296)
12: Utdanning				
Driftsresultat	811 304	826 911	787 707	15 607
Diverse finansposter	2 075	(464)	(464)	(2 539)
Brukt til investeringsformål	2 437	-	-	(2 437)
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	815 816	826 447	787 243	10 631
13: Helse og sosial				
Driftsresultat	1 246 493	1 242 542	1 160 597	(3 951)
Diverse finansposter	(2 783)	(1 486)	45	1 297
Brukt til investeringsformål	3 966	2 036	-	(1 930)
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	1 247 676	1 243 092	1 160 642	(4 584)
14: Tannhelse				
Driftsresultat	58 665	58 512	56 587	(153)
Diverse finansposter	1	-	-	(1)
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	58 666	58 512	56 587	(154)
15: Kultur				
Driftsresultat	40 735	35 365	34 810	(5 370)
Diverse finansposter	(5 454)	-	-	5 454
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	35 281	35 365	34 810	84
16: Næring og miljø				
Driftsresultat	21 089	25 301	21 054	4 212
Diverse finansposter	(1 928)	(126)	(126)	1 802
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	19 161	25 175	20 928	6 014
17: Samferdsel				
Driftsresultat	318 112	315 207	314 310	(2 905)
Diverse finansposter	(3 710)	-	-	3 710
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	314 402	315 207	314 310	805
18: Sentrale kontrollorgan				
Driftsresultat	4 813	5 202	5 081	389
Diverse finansposter	-	-	-	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-
Resultat før avsetning til disposisjonsfond	4 813	5 202	5 081	389
NETTO UTGIFT BUDSJETTRAMMER	2 559 735	2 546 624	2 488 205	(13 111)

(I diverse finansposter inngår bundne fond og bruk av tidligere års avsetningar til disposisjonsfond)

Helse- og sosialavdelinga

På helse- og sosialområdet har fylkeskommunen ansvaret for den spesialiserte andrelinjetenesta, medan kommunane har ansvaret for primærhelsetenesta. Dei somatiske sjukehusa utgjør ein stor del av verksemda innanfor dette området. Fylkeskommunen sitt ansvar omfattar også ei rad andre viktige helse- og sosialtenester innanfor psykiatri, rehabilitering, barnevern, rusmiddelomsorg, tilbod til funksjonshemma og ambulansetenester. Helse- og sosialtenestene utgjør den klart største delen av den fylkeskommunale verksemda, 60% av dei samla driftsutgiftene. Dei om lag 30 små og store fylkeskommunale verksemdene innanfor dette området sysselset om lag 4.300 personar fordelt på om lag 3.200 årsverk. Helse- og sosialutvalet har det politiske sektor-ansvaret, medan fylkeshelsesjefen har det administrative leiaransvaret.



FYLKESTINGSMÅL FOR HELSE- OG SOSIALOMRÅDET

1. Gjennom fritt sjukehusval, betre samordning og god kapasitetsutnytting ved sjukehusa skal folk i Møre og Romsdal vere sikra eit fagleg godt og likeverdig sjukehusstilbod.

Resultat:

Også i år 2000 var det her i fylket ein auke i tal pasientar behandla som følge av fritt sjukehusval. Talet er framleis lite og dei fleste vart behandla ved andre sjukehus i helseregionen. Dette til tross for fritt sjukehusval i heile landet sidan 1999 for innbyggjarane i Møre og Romsdal. Det har og vore eit jamt sig av pasientar frå trøndelagsfylka til Møre og Romsdal som følge av ordninga med fritt sjukehusval. Særleg innanfor augefaget og ortopedi har pasientar valt å ta i mot behandlinga ved sjukehus i Møre og Romsdal. Dette sett under eitt vitnar om ei utvikling i retning av betre kapasitetsutnytting ved sjukehusa, som igjen byggjer opp under målet om eit likeverdig sjukehusstilbod for innbyggjarane i Møre og Romsdal.

2. Pasientane skal få tilbod om behandling på fagleg rett nivå:

a. Vi vil vidareutvikle eit forpliktande regionalt samarbeid og få til betre funksjonsfordeling og samarbeidsrutinar mellom sjukehusa og kommunane i regionen.

Resultat:

Regional helseplan var ferdigstilt og behandla av fylkestinget i desember 2000. Regional helseplan define-

rer ramma for det regionale samarbeidet i åra som kjem, og er bygd på prinsippet om eit forpliktande regionalt samvirke i regionen. I helseplanen har ein prøvd å ivareta målet om betre funksjonsfordeling og samarbeidsrutinar gjennom vektlegging av nettverksamarbeid. Forholdet til kommunane i regionen er vidare prøvd ivareteke gjennom Midtnorsk Helsenett. Med basis i Regional helseplan ønskjer ein å introdusere KS-prosjektet "Samhandling mellom fylkeskommunen og kommunane ved utvikling av nytt regionsjukehus i Trondheim" for dei andre kommunane i regionen, med det mål å styrke nettverket mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Ein vil og prøve å styrke samarbeidsrutinane mellom sjukehusa og kommunane i regionen gjennom felles opplæringsstiltak og hospiteringsordningar.

b. Langtidsbebuarar ved institusjonane skal så langt det let seg gjere flytte ut til kommunane innan planperioden.

Resultat:

I Opptrappingsplan 1999 – 2006 for vaksenpsykiatrien i Møre og Romsdal har vi lagt opp til ein gradvis reduksjon i døgnplassar ved dei psykiatriske sentra. Det er viktig å ha eit nært samarbeid med helse- og sosialtenestene i kommunane i kvart område. Den største reduksjonen av døgnplassar vil skje på Nordmøre. Romsdalsområdet vil også få ein reduksjon i 2001 ved at Åslia psykiatriske senter blir lagt ned. Det blir arbeid med utflyttingsplanar knytt til kvar enkelt pasient. I tillegg vil vi ta sikte på å etablere eit rehabiliteringsteam i 2001. Dette er viktig for å intensivere arbeidet med utskriving av langtidspasientar generelt.

3. I psykiatrien skal vi greie ut ulike alternativ for å samle sektoravdeling Nord ved Fylkessjukehuset i Molde sett i sammenheng med samla plan for sjukehuset.

Resultat:

I samsvar med tilbakemelding frå Sosial- og helsedepartementet, er det utbygging av distriktpsykiatriske senter som skal prioriterast innan opptrappingsplanen. Vi kan ikkje vente å få dekt investeringar til nytt sjukehusbygg. I samband med Samla Plan for Fylkessjukehuset i Molde blir bygging av eit distriktpsykiatrisk senter i Molde prioritert. Utbygging av eit nytt sjukehus for både somatikk og psykiatri må finansierast på anna måte.

4. Det skal etablerast distriktpsykiatriske sentra i kvart sjukehusområde i samsvar med helse- og sosialplanen.

Resultat:

Vi har i vår Opptrappingsplan for vaksenpsykiatrien (1999-2006) planlagt etablering av distriktpsykiatriske sentra (DPS) i kvart sjukehusområde. Kvart DPS vil vere samansett av fleire einingar som er geografisk spreidde. Leiinga ved kvar av dei fire vaksenpsykiatriske poliklinikkane vil vere fagleg og administrativt ansvarleg for kvart sitt DPS. Det er pr. januar 2001 berre DPS'et i Volda som fullt ut er organisert som ein del av Fylkessjukehuset i Volda. For dei andre områda vil slik organisering skje i 2001. Dette har sammenheng med organiseringa av Sjukehuset i Møre og Romsdal.

5. Innan rusmiddelsektoren skal det etablerast eit tilbod i Møre og Romsdal som kan ta imot rusmisbrukarar til akutt avrusing for klientar som treng avrusing før inntak i Veksthuset Møre og Romsdal og Vestmo behandlingssenter.

Det skal planleggjast og oppførast nybygg ved Veksthuset med 19 plassar og eiga avdeling for mor/barn.

Resultat:

Det er utarbeidd planar for ny avdeling ved Vestmo behandlingssenter som skal innehalde 6 plassar for avrusing og 6 plassar for utgreiing. Vidare er det utarbeidd planar for nytt bygg for Veksthuset. Desse planane inneheld nytt bygg for 16 bebuarar i tillegg til eige bygg med 4 familieeiningar. Samstundes er det lagt opp til renovering av Glomstua som skal nyttast til administrasjon for Veksthuset. I budsjettet for 2001 er det lagt inn midlar for vidare planlegging av tiltaka.

6. Brukarane av dei fylkeskommunale barne- og ungdomstenestene skal få rett hjelp når dei treng det:

a. Vi vil prioritere samordning mellom deltenestene for barn og unge på alle nivå med spesiell vekt på akutt-tilbod for barn og ungdom i krise.

Resultat:

Ved Ungdomspsykiatrisk avdeling i Ålesund blir det etablert 2 akutt-plassar for ungdom og det er under plan-

legging eiga akutteining ved Fylkessjukehuset i Molde. Ungdomspsykiatrisk avdeling vil vere i full drift frå august/september 2001 og akutttilbodet i Molde vil tidlegast vere etablert i 2003/2004.

Det er gjort mange freistnader på å få til samarbeid mellom fylkeskommunale deltenester når det gjeld akutt - mottak i kriser. Det har vore svært vanskeleg. Og den enkelte deltenesta har i stor grad måtte finne løysingar innan eigne tiltak. Eit unntak har vore vaksenpsykiatrien som har teke imot ungdomar frå barnevernet. Framleis finst det få tiltak i fylket.

b. Vi vil byggje ut døgnplassar innanfor barne- og ungdomsvernet og barne- og ungdomspsykiatrien.

Resultat:

Plan for institusjonsarbeidet vart vedteken i fylkestinget i desember 1998. Her legg ein opp til 4 nye langtidsplassar innanfor eksisterande rammer. Desse plassane har vore i bruk heile året.

c. Barn og unge med rusproblem skal så langt det let seg gjere få tilbod i Møre og Romsdal.

Resultat:

Kollen ungdomsbaser har gjeve tilbod til målgruppa som føresett. Men vi ser at det er behov for fleire plassar for ungdom med omfattande rusproblem.



Frå Kollen Ungdomsbaser på Vestnes

d. Det er ei viktig målsetjing for fylkeskommunen å ha tilstrekkeleg med døgnplassar i barneverninstitusjonar slik at kjøp av plassar utanfor fylket blir minst mogleg.

Resultat:

Vi har i 2000 redusert kjøp av plassar utanfor fylket til 2 ved utgangen av året. Slik sett må vi seie oss godt nøgde med resultatet.

7. Alle helse- og sosialinstitusjonane skal etablere og vidareutvikle tiltak for brukarmedverknad og kvalitetssikring.

Resultat:

Tiltak for å etablere kvalitetssikring er sett i verk. Alle institusjonane har fått opplæring og dei få som enno ikkje har alt på plass, er godt i gang med prosessen.

Så og seie alle institusjonane har etablert brukarmedverknad. Brukarane er mellom anna representerte i styre, ansvarsgrupper og kvalitetsutval. Vi har lagt vekt på at brukarane skal vere representert i dei ulike gruppene eller vere representert i prosessen ved utarbeiding av planar.

8. Oppfølging og gjennomføring av tiltak i vedteken helse- og sosialplan.

Resultat:

Helse- og sosialplanen vart vedteken av fylkestinget i desember 1999, og har saman med det helseregionale planverket vore utgangspunktet for iverksetjing seinare. Planen gjorde vedtak på ei rad område – både sektorovergripande og for kvar enkelt sektor eller område. Mange tiltak i planen er gjennomførte. Generelt har planen likevel ikkje vorte iverksett i den grad som var føresetnaden. Dette skuldast fleire forhold. Vi skal nemne dei viktigaste:

- Fylkestinget valte å setje i gang ei ny utgreiing av sjukehusorganiseringa i fylket frå sommaren 2000. Dette endra føresetnadene for å realisere helse- og sosialplanen på viktige område.
- "Omstilling 2000" medførte innsparingar som endra dei økonomiske føresetnadene for helse- og sosialplanen på vesentlege område.
- Helse- og sosialavdelinga hadde vakansar i mange stillingar i år 2000. Dette medverka til å redusere kapasiteten til å arbeide med iverksetjing, og medførte mellom anna at arbeidet med fagråda ikkje kunne prioriterast.
- Regjeringskiftet våren 2000 medførte uvisse omkring fylkeskommunen sitt framtidige ansvar for sjukehusa.
- Hausten 2000 vart det klart at departementet ikkje godtok vår opptrappingsplan for psykisk helse. Vi måtte derfor bruke omfattande ressursar på revidering av planverket på dette området.

9. Det skal satsast på utskifting og nyinvestering av utstyr og betring av bygningsmessige forhold ved sjukehusa i fylket.



Det er planlagt ny stråleeinjing ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal, og mammografi/brystdiagnosesenter ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal og Fylkessjukehuset i Molde.

Resultat:

Mesteparten av investeringa i utstyr går på utskifting av gammalt utstyr i samband med den statlege utstyrsplanen. Sjukehusa sine budsjetttrammer er så pressa at det er lite plass til utstyr innanfor eige driftsbudsjett. Ny dialyseavdeling og kontorbygg for Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal er under oppføring. UPA ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal er under bygging og skal vere ferdig sommaren 2001. Vidare planlegg vi stråleeinjing ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal og mammografi/brystdiagnose senter ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal og Fylkessjukehuset i Molde.

10. Vi skal behalde og sikre nødvendig rekruttering av fagpersonell i alle delar av helse- og sosialtenesta.

Resultat:

Rekruttering av nøkkelpersonale til helse- og sosialinstitusjonane er ei av dei største utfordringane til fylkeskommunen i tida framover. Ei like stor utfordring vil det vere å halde på godt kvalifisert personale. Det er derfor tilsett ein spesialkonsulent som skal arbeide med kompetanseutvikling og hjelpe institusjonane i å kartlegge kompetansebehovet, og vere med å utvikle tiltak for kompetanseheving for allereie tilsett personale.

I år 2000 har 19 ufaglærte, 12 tilsette med vidaregåande skole og 56 tilsette med høgskoleutdanning fått støtte til kompetanseheving. I tillegg har 4 tilsette avslutta desentralisert sjukepleiarutdanning og 17 tilsette oppgraderingskurs for sjukepleiarar.

Sjølv om legerekreteringsprosjektet i regi av Arbeidsdirektoratet gav positive resultat når det gjeld rekruttering frå utlandet, er det framleis ledige stillingar for legar både innanfor somatikken og psykiatrien. Tilgangen på sjukepleiarar har betra seg, men det er framleis ledige stillingar for spesialsjukepleiarar. Sjukehusa har elles vanskar med å rekruttere nok radiografar og psykologar. Det er inngått avtale om oppdragsverksemd med Høgskolen i Ålesund om vidareutdanning av sjukepleiarar og det er lagt opp til nært samarbeid med alle høgskolane i fylket når det gjeld etter- og vidareutdanning. Det er vidare sett i gang eit pilotprosjekt i regionen når det gjeld omlegging av spesialistutdanninga av legar der sjukehusa i fylket er involverte og det er sett i verk særskilte tiltak for å rekruttere radiografar.

REGIONALT SAMARBEID

I år 2000 er det særlig arbeidet med Regional helseplan som har vore prioritert. Fylkestinget behandla Regional helseplan i desember 2000, medan departementet skal vedta planen våren 2001.

Følgjande sentrale tiltak i Regional helseplan har oppstart i 2001:

- Nettverkssamarbeid. Det skal tilsetjast ein person i kvart fylke i regionen som skal arbeide med spørsmål knytt til nettverkssamarbeid, i første rekke innanfor prioriterte fagområde som øre-nese-hals, ortopedi og nevrologi.

- Etablere regionalt kompetansesenter for pasientinformasjon og pasientopplæring lagt til Fylkessjukehuset i Volda og Høgskulen i Volda.
- Etablere stråleeeining, sengepost og tilstrekkeleg pasienthotellkapasitet ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal.
- Inngå gjensidig forpliktande samarbeid i psykiatrien, herunder avtalar mellom Sør-Trøndelag/Brøset og brukarfylka, og vurdere nærare felles eigarskap og drift.
- Sikre permanent etablering og drift av etablerte universitetslektorat stillingar og andre akademiske stillingar ved alle sjukehus, og støtte opp under utvikling av forskings- og utviklingsavdelingar ved sjukehus.

I år 2000 har Sør-Trøndelag leia arbeidet i Regionalt helse- og sosialutval.

GJESTEPASIENTAR

Vi kjøper tenester innanfor somatikk og psykiatri i andre fylke i langt større grad enn vi sel tenester. Finansieringa av somatiske gjestepasientar er todelt; ei fylkeskommunal ramme og statleg DRG-refusjon for pasientar frå Møre og Romsdal som har fått behandling utanfor fylket. Fylkeskommunane står framleis fritt til å inngå eigne avtalar med kvarandre, men der eigne avtalar ikkje blir inngått, gjeld ein normert pris på 80% av DRG-pris.

I høve til rammeavtalen som vi har med Sør-Trøndelag om kjøp og sal av somatiske gjestepasienttenester, fekk vi eit mindre forbruk i høve avtalt beløp på om lag 5 mill. kroner i 2000. Dette omhandlar vår avtale om kjøp av ordinære tenester frå Sør-Trøndelag og hjarte- verksemda. Forbruket ved Radiumhospitalet og Rikshospitalet har i 2000 også vist seg å vere lågare enn budsjettert. Gjestepasientkapitlet for somatiske tenester viser i år 2000 eit mindreforbruk på omtrent 3 mill. kroner.

Å redusere gjestepasientkostnadene innanfor psykiatri, i særleg grad kjøp av plassar i regional sikkerhetsavdeling på Brøset, har vore eit sentralt mål i 2000. I januar/februar hadde vi 5 pasientar innlagt der, mot 3 pasientar ved utgangen av året. Samla sett hadde vi i 2000 netto kostnader til kjøp av tenester innan psykiatri for barn, ungdom og vaksne på 16,5 mill. kroner. Behandlingsopphald for vaksne utgjer om lag 2/3 av årskostnaden. Netto meirutgift vart til saman om lag 8,4 mill. kroner i 2000 høve til budsjetten. Dette er om lag 1,5 mill. kroner mindre enn året før.

Innanfor russektoren sel vi fleire gjestepasientplassar enn vi kjøper. Behovet for kjøp av plassar utanfor fylket er langt større enn budsjetten gjev høve til å kjøpe.

SOMATISKE SJUKEHUS

Sjukehusa hadde i 2000 eit samla underskot på 4,8 mill. kroner for somatisk del, noko som utgjer 0,34% av driftsbudsjettet til sjukehusa. Fylkessjukehuset i Volda og Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal hadde begge eit mindreforbruk i 2000, medan

Fylkessjukehuset i Molde og Fylkessjukehuset i Kristiansund hadde meirforbruk. Sjukehusa har gjennom heile året fått endra føresetnader som har vore med på å betre den økonomiske situasjonen for sjukehusa. DRG -einingsprisen var auka med 1,9%, krypgrensa vart heva med 1% og refusjonen for den polikliniske verksemda vart også auka. Stortinget løyvde og midlar til styrking av dei frie midlane.

I juli 1997 vart det innført nytt finansieringssystem for dei somatiske sjukehusa. Sjukehusa fekk då refusjon for kvar innlagt pasient omrekna i DRG-poeng. Refusjonssatsen var 50% refusjon av DRG-prisen i 1999 mot 30% då systemet vart innført i 1997. Dette har ført til at sjukehusa er langt meir avhengige av aktivitet enn dei var før det nye finansieringssystemet vart innført. Sjukehusa har tilpassa seg det nye systemet godt, og har hatt ein auke i DRG-aktiviteten på heile perioden sidan finansieringssystemet vart innført. I 2000 var det ingen av sjukehusa som fekk avkorta utbetaling av DRG-refusjon som følge av for stor auke i registrert pasienttyngde ved sjukehuset. Dette fordi fylkeskommunen totalt sett ikkje fekk ei stor avkorting.

Sjukehusa har framleis problem når det gjeld mangel på spesialpersonell, og då først og fremst legespesialistar og spsjalsjukepleiarar. Dei fleste sengepostane har høg utnyttingsgrad med til tider alt for stor bruk av korridorsenger.

Utstys- og arealbehovet er og stort. Sjukehusa fekk i 1998 ein auke i løyvingane til utstyr, denne vart vida-reført i 2000. Dette har gjeve positive ringverknader, men framleis er behovet relativt stort.

VAKSENPSYKIATRIEN

I 2000 fekk Møre og Romsdal fylkeskommune i alt 34.847 mill. kroner øyremerka statsmidlar til styrking av psykisk helsevern. Desse midlane er disponert til barne- og ungdomspsykiatri og vaksenpsykiatri. For vaksenpsykiatrisk del er tilskota nytta til ombygging og drift ved sjukehusa og til nye stillingar. Ny psykiatrisk avdeling ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal vart teke i bruk frå september 1999. År 2000 var det første året med heilårsdrift. Avdelinga hadde ein god del bygningsmessige problem i oppstarten. Meirforbruket i 2000 er på ca 4 mill. kroner. I 2001 vil det bli arbeidd spesielt med å gå gjennom drifta av avdelinga. Opptappingsplanen for vaksenpsykiatrien var ferdig i desember 1999. I dialog med Helsetilsynet/Sosial- og helsedepartementet vart denne planen revidert i 2000. Det var særleg organiseringa av distriktspsykiatriske sentra, geografisk plassering av døgnplassar og omfanget på plassar i sentra og nokre av dei spesialiserte avdelingane som fekk ei ny vurdering og endra forslag.

BARNE- OG UNGDOMSPSYKIATRI

Barne- og ungdomspsykiatri er eit viktig nasjonalt satsingsområde for tida. Den statlege opptappingsplanen for psykisk helse vart vedteken av Stortinget i 1998 og skal vare til og med 2006. I denne perioden blir det barne- og ungdomspsykiatriske fagfeltet tilført midlar

til drift og investering. Opptappingsplanen for Møre og Romsdal fylkeskommune vart behandla av departementet i oktober 2000. På den bakgrunn vart opptappingsplanen i vårt fylke revidert. Det reviderte målet for barne- og ungdomspsykiatrien for denne perioden er å auke den polikliniske kapasiteten med 50% og å auke talet på døgnplassar. For å tilsette personale i fleire fagstillingar, må dei fire poliklinikkane ha fleire kontor. Dette er under planlegging. Når det gjeld døgnplassar er Ungdomspsykiatrisk avdeling ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal under bygging. Avdelinga vil ha 8 - 12 døgnplassar og vil stå klar til full drift 2. halvår 2001.

BARNEVERNTENESTER



Symra Barneheim i Molde har endra både namn og adresse. Trastalia barne- og familieheim er det nye namnet, og i dei nye lokala er det 7 barneheimsplassar og 3 bustader i foreldre/barn-avdelinga.

Ved utgangen av år 2000 hadde vi fått tilvist 107 nye søknader, 7 fleire enn året før. I tillegg fekk vi 56 søknader om akuttplassar, noko som må seiast å vere noko spesielt. Spørsmål om kriseplass utgjorde 52% av dei ordinære tilvisingane til fylkesbarnevernet. Av ulike grunnar vart 22 saker trekt.

Sakene vi fekk tilvist representerte alt frå ungdom med omfattande åtferdsproblem som rus, vald og kriminalitet til barn med funksjonshemmingar og barn som har vore utsett for grov omsorgssvikt. Tal tilviste barn som har vore utsette for seksuelle overgrep aukar. Vi har også fått tilvist fleire barn som sjølve er overgripingar.

I institusjonane har vi 55 plassar og desse har alle vore nytta med fullt belegg så å seie heile året så sant det har vore forsvarleg. I tillegg har vi 264 (231) godkjende fosterheimar, 30 (26) potensielle og vi rekrutterte 28 nye fosterheimar år 2000. Målsetjinga er kvart år å kunne skaffe 30 nye fosterheimar. Arbeidet med MST (multisystemisk terapi) starta opp i

2000. Det er eit intensivt, tidsavgrensa behandlingstilbod til familiar som ønskjer å få hjelp i nærmiljøet sitt og på den måten unngå institusjonsplassering.

I tillegg til tiltaka i eige fylke har vi formelt samarbeid med Storfossen Bokollektiv A/S der vi kjøper to plassar.

REHABILITERING

Rehabiliteringstenesta prioriterer pasientar som er innlagt i sjukehusa ved inntak, og er dermed med på å korte ned på liggjetida på sjukehusa.

Som oppfølging av helse- og sosialplanen var det i 2000 etablert fagråd i rehabilitering. Det tidlegare leiarforum vart utvida med representantar frå alle sjukehusa, og har endra arbeidsform. Fagrådet er tverrfagleg samansett.

Til tross for stor uro på grunn av nedleggingsforslag for deler av tenesta, har det aldri vore behandla så mange pasientar i rehabiliteringstenesta som i 2000.

Det er berre to langtidspasientar att på desse institusjonane.

TENESTER FOR RUSMISBRUKARAR

Arbeidet med planar for avrusingsavdeling ved Vestmo og nybygg for Veksthuset har stått sentralt i 2000. Den største utfordringa er framleis å etablere tilbod for avrusing i fylket. Etterspurnad etter slike plassar har auka vesentleg i 2000. Avrusingsplassar blir kjøpt utanfor fylket, men på grunn av stor pågang, er det vanskelig å få slike plassar ved Lade behandlingssenter i Trondheim.

Midt Norsk kompetansesenter er tilført nye oppgåver i samband med omorganisering av Rusdirektoratet. Dette gjeld spesielt førebyggjande arbeid. Personalstaben er utvida med 3 fagstillingar og ca 0,75 merkantil stilling.

Ved Vestmo behandlingssenter har belegget gått opp frå 67,9% i 1999 til 83,3% i 2000. Institusjonen har gjort ein innsats på fleire område for å auke beleggsprosenten. Eit tiltak er å endre inntaksrutinane. Ved Veksthuset har belegget gått ned frå 67% i 1999 til 61% i 2000. Sør-Trøndelag har kjøpt 35,7% av plassane, medan Møre og Romsdal har brukt 57,1% av plassane.

I alt 25 personar frå vårt fylke har søkt om metadonasistert rehabilitering sidan tiltaka starta opp i 1999. 12 av desse har fått tilbod.

AMBULANSE OG MEDISINSK NØDMELDETENESTE

I Møre og Romsdal har vi gjeldende ambulanseplan. Det er driftseksjonen for ambulanse og nødmeldetienesta står som medisinsk og systemansvarleg for tenesta. Mellom anna blir det satsa på opplæring av ambulanspersonell. I år 2000 var det fokus på traumebehandling, og i tillegg har alt ambulanspersonell årleg sjekk i høve til hjerte og lungeredning.

Framleis er det store utfordringar med tanke på å innarbeide gode kommunikasjons- og varslingsrutinar mellom aktørane innan området (kommunale legevakt-sentralar, legar, ambulansar osv.) og overfor publikum/brukarane. Det er akuttmedisinske kommunikasjonsentralar (AMK-sentralar) ved alle fire sjukehusa i fylket med ruting av alarmtelefon 113 til kvart sjukehus. Elektronisk kart har vore i bruk i eitt år ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal, og erfaringane så langt er svært gode.

FAMILIEVERN

Kontora har vidareført si verksemd etter same mønster som før fylkeskommunen fekk driftsansvar for kontora. I samband med helse- og sosialplanen vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle gjere framlegg om tilbod innanfor familieverntenesta på Søre Sunnmøre. Grappa skal leggje fram si innstilling i 2001.

På grunn av at statstilskot til kontora ikkje har vore justert for prisstigning sidan fylkeskommunen overtok driftsansvaret, har kontora hatt stramme driftsbudsjett i 2000.

Det har vore arbeidd med reforhandling av samarbeidsavtalen mellom Møre bispedøme og fylkeskommunen for kontora i Ålesund og Molde. Avtalen vil bli politisk behandla i 2001.

SJUKEHUSAPOTEKA

Alle tre sjukehusapoteka i Møre og Romsdal hadde i 2000 eit relativt godt driftsår med eit samla overskot på 1,4 mill. kroner. Overskotet ved Sjukehusapoteket i Ålesund på 0,6 mill. kroner skal gå til finansiering av det nye sjukehusapoteket. Situasjonen er likevel sterkt prega av ei usikker framtid. Grunnen til dette er først og fremst at heile apotekverksemda vil få ei friare stilling med auka konkurranse og fleire nyetableringar av private apotek som følgje av den nye apoteklova som skal tre i kraft frå 1. mars 2001. Dette vil truge innteningsgrunnlaget for sjukehusapoteka våre når det gjeld salet til publikum og kanskje også i høve til institusjonane. Det andre usikre momentet for sjukehusapoteka er kva som vil skje når sjukehusa blir overtekte av staten frå 2001. Alt tyder på at sjukehusapoteka følgjer med på lasset.

NØKKELTAL SOMATISKE TENESTER	Rev.budsjett	Rekneskap	Avvik
Fylkessjukehuset i Volda	70 350	67 703	2 647
Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal	294 928	294 119	809
Fylkessjukehuset i Molde	180 985	187 974	-6 094
Fylkessjukehuset i Kristiansund	103 083	104 541	-1 458
Gjestepasientar somatikk	85 355	82 256	3 099
Ambulanse	61 898	65 752	- 3 845
Mørk Rehab.senter	16 475	15 770	705
Nevrohjemmet rehab.senter	9 995	9 938	57
Aure Opptreningscenter	1 355	1 838	-483
Diverse somatiske tenester	6 535	6 465	70
SUM			-4 493

NØKKELTAL PSYKIATRISKE TENESTER	Rev.budsjett	Rekneskap	Avvik
Fylkessjukehuset i Volda	6 676	4 594	2 082
Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal	69 798	72 306	-2 511
Fylkessjukehuset i Molde	172 705	171 805	900
Fylkessjukehuset i Kristiansund	6 914	6 914	0
Psykiatriske sentra	98 139	96 775	1 364
Diverse psykiatriske tenester	-18 332	-10 559	-7 773
SUM			- 5 938

NØKKELTAL ANDRE HELSE- OG SOSIALTENESTER	Rev.budsjett	Rekneskap	Avvik
Helse- og sosialavdelinga	13 815	12 075	1 740
Rusmiddelsektoren	13 998	15 179	-1 181
Sjukehusapotek			1 400
Barne- og ungdomsvern	37 146	35 839	1 307
Diverse helse- og sosialtenester	10 661	10 281	380
SUM			3 646

Tannhelse

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta gjev fri tannbehandling til barn og unge opp til og med det året ein fyller 18 år, til psykisk utviklingshemma og til eldre og funksjonshemma i institusjon og i heimesjukepleie. Klinikane tek også imot vaksne, betalande pasientar. Ungdom i alderen 19-20 år har førerrett til behandling og 75 prosent reduksjon i dei takstane som gjeld for betalande pasientar. Tannhelsetenesta i Møre og Romsdal omfattar 40 distriktstannklinikkar fordelt på 5 tannhelesdistrikt. Helse- og sosialutvalet har det politiske sektoransvaret, medan fylkestannlegen har det administrative og faglege leiaransvaret.



Karius heng som veggpynt utanfor tannklinikken på Sjøholt.

FYLKESTINGSMÅL

For tannhelsetenesta gjeld følgjande fylkestingsmål:

1. **Dekningsgraden for tilsyn frå den offentlege tannhelsetenesta for gruppe c (eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie) skal innan år 2000 vere minst 70%.**

Resultat:

Dekningsgraden i 2000 for denne gruppa var 47%.

Kommentar:

For å nå ein dekningsgrad på 70%, måtte 1.660 fleire personar i gruppa vore under tilsyn.

Hovudgrunnen til at målsetjinga ikkje er nådd er fylkestinget sitt vedtak under budsjettbehandlinga for 2000 om å redusere tannhelsetilbodet til denne gruppa.

I tillegg kjem vakansar i tannlegestillingar. Vakansane i 2000 utgjorde i alt 20 årsverk, svarande til 26% av stillingane.

2. **Tannhelsetenesta skal sikrast ein høg kvalitet gjennom:**

I. *å etablere eit system for kvalitetssikring innan utgangen av 2000.*

II. *å etablere stimuleringsiltak for rekruttering og bemanning slik at ingen klinikk med eitt tannhelseteam blir ståande utan tannlege meir enn 4 månader.*

Resultat I:

System for kvalitetssikring er etablert.

Resultat II:

Det er etablert følgjande stimuleringsiltak:

- vesentleg høgding av løna, særleg begynnerløna dei siste to åra
- bonusordning frå 1. januar 1999
- etableringstilskot på inntil kr 50.000 mot bindingstid, knytt til stillingar med særlege rekrutteringsproblem
- utdanningsstipend til tannlegestudentar mot bindingstid. Studentar frå Møre og Romsdal skal prioriterast
- dekning av flytteutgifter mot bindingstid
- innføring av provisjonsstilling
- høve til tilsetjing i offentlig delstilling kombinert med avtale om privat tannlegeverksemd på klinikken
- utleige av tannklinik til offentlege tannlegar for privat praksis på fritida
- tannlegestudentar frå Møre og Romsdal får sommarjobb på klinikane våre, særleg i dei 2 siste studieåra. I tillegg tar vi mot tannlege- og tannpleiarstudentar under den obligatoriske utplasinga som er ein del av utdanninga.
- 2 stillingar ved klinikk med eitt tannhelseteam stod ledig meir enn 4 månader, klinikane på Batnfjordsøra (heile året), Stranda (5 månader) og Vågland (5 månader). På Batnfjordsøra hadde vi avtale med privatpraktiserande tannlege på staden.
- På Stranda var vikar i tilsaman 4 veker gjennom Aetat si vikarordning, og på Vågland vart det etablert ordning med ambulering av tannlege frå klinikken i Surnadal.

3. Den offentlege tannhelsetenesta skal innan år 2000 ha kompetanse og utstyr, slik at alle tannhelse-distrikta kan gi tilbod om behandling til behandlingsvanskelege pasientar (grupper av psykisk utviklingshemma, pasientar med tannbehandlingskrekke).

Resultat:

Pasientar som treng tannbehandling i narkose blir gitt eit tilbod ved eit samarbeid mellom tannhelsetenesta og sjukehusa i fylket. Ved Fylkessjukehuset i Volda gjeld tilbodet berre nødvendig akutt behandling.

Tannhelsetenesta har personell og utstyr til å gje behandling i lystgass ved tannklinikane i Rindal, Sellanrå i Molde og Volda. Ved klinikken i Ålesund sentrum, som også er utstyrt for slik behandling, blir det for tida ikkje gitt eit tilbod etter at tannlegen med denne kompetansen slutta hausten 1998.

Personale

Bemannings-situasjonen har vore svært vanskeleg i fleire år. Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal lyste i 2000 ledig 29 tannlegestillingar. Vi fekk tilsett i 18 av desse stillingane. Ved utgangen av året stod 12 tannlegestillingar ledige, eller omlag 16% av alle stillingane.

Vakansar i distriktstannlegestillingar utgjorde 20 årsverk i 2000. Det svarar til 26% av stillingane. I 1999 utgjorde vakansar i tannlegestillingar 15,7 årsverk.

Dei økonomiske vilkåra i privat praksis er mykje betre enn i offentleg tannhelseteneste, noko som gjer at vi blir taparar i konkurransen om tannlegar. Med ein langt større avgang på tannlegar i Norge enn det som blir utdanna dei komande åra, er det grunn til å sjå med sterk uro på framtida for offentleg tannhelseteneste,

særleg i utkantdistrikt. Dette gjeld såleis også fylket vårt.

Den utviklinga vi har sett siste to åra, med mange tannlegar som sluttar og få eller ingen søkjarar til ledige stillingar, inneber ein svært alvorleg situasjon. Det vil derfor vere nødvendig å vidareføre og vidareutvikle dei fylkeskommunale og statlege tiltaka som er sett i verk for å sikre rekruttering og stabilitet i stillingane, slik at vi kan oppretthalde eit godt offentleg tannhelsetilbod også i åra framover.

Ulike rekrutterings- og stabilitetsfremjande tiltak som Møre og Romsdal fylkeskommune har sett i verk er refererte under rapporteringa for fylkestingsmål 2.

Klinikkar og utstyr

Dei fleste klinikane har no rimeleg god standard, men særleg når det gjeld inneklimaet er det mange uløyste oppgåver. Det er behov for ei opprusting både av generell ventilasjon og såkalla punktavsug.

Når det gjeld fornyinga av tannlegeutstyret, har situasjonen betra seg siste åra, og vi kan no i rimeleg grad gjennomføre eit ønskjeleg fornyingsprogram for utstyr.

Under behandlinga av "Omstilling 2000 – struktur-gjennomgangen", vedtok fylkestinget 12. desember 2000 ein ny klinikkstruktur i tannhelsetenesta som inneber ein reduksjon i talet tannklinikkar frå 40 til 18. Samstundes vart det vedtatt ein framdriftsplan for strukturendringane som inneber at ein del klinikkar på nærare fastsette vilkår kan oppretthaldast enno i mange år.



Utrustninga ved dei fleste tannklinikane har betra seg noko dei siste åra, men når det gjeld inneklima som m.a. ventilasjon er det mange uløyste oppgåver. Biletet viser Gunnar Kongsnes ved tannklinikken på Sjøholt.

Omfanget av tenestetilbodet

For det prioriterte klientelet var 1.295 færre personar under tilsyn i 2000 enn året før. 58.520 personar eller 80% av prioritert klientell var under tilsyn. Med tanke på dei mange vakante tannlegestillingane er dette eit godt resultat.

Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene, barn og ungdom 0-18 år og psykisk utviklingshemma, er godt. Høvesvis 89% og 87% av desse gruppene var under tilsyn i 2000.

Når det gjeld eldre og funksjonshemma var 67% av dei i institusjonar og 31% av pasientane i heimesjukepleien under tilsyn. Med tanke på fylkestinget sitt vedtak om redusert tilbod til denne gruppa i 2000, er dette eit tilfredsstillande resultat.

32% av ungdom 19-20 år var under tilsyn i 2000.

I 2000 var 12.020 betalande vaksne pasientar under regelmessig tilsyn i offentlig tannhelseteneste. Det utgjer omlag 7% av befolkninga over 20 år i fylket.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde såleis tilsyn med omlag 71.000 personar i 2000. Det utgjer omlag 29% av folket i fylket.

Tannhelsesresultata

Tannhelsa til barn og ungdom viste uendra resultat for 12- og 18-åringane og ein tilbakegang for 5-åringane. 59% av 5-åringane hadde feilfrie tenner (d.v.s. tenner utan fyllingar eller tannrote). I gjennomsnitt hadde 12-åringane 1,6 DMF-tenner (tenner som har hol, er fylte eller trekte) og 46% hadde feilfrie tenner. 18-åringane hadde i gjennomsnitt 5,7 DMF-tenner og 14% hadde feilfrie tenner.

Sidan slike registreringar starta i 1984 har vi hatt ei stor betring av tannhelsa til barn og ungdom, men siste to åra har vi hatt ein tilbakegang når det gjeld 5-åringane. Det er framleis ei mindre gruppe barn og ungdom med mykje tannrote.

Tannhelsa til barn og ungdom i Møre og Romsdal ligg omlag på landsgjennomsnittet.

Økonomi

Rekneskapen for 2000 for fylkestannlegen sitt ansvarsområde viser eit samla mindreforbruk på kr 146.000 eller eit forbruk på 99,7% i høve til budsjettet.

Bundne utgifter, løn til personell og leige av klinikklokale, utgjorde 79% av samla utgifter. Resten omfatta investeringar i utstyr, 2%, og andre driftsutgifter, 19%. Samla pasientinntekter svara til 19% av tannhelsetenesta sine brutto driftsutgifter.

Utfordringar

Dei viktigaste utfordringane i tannhelsetenesta i åra framover kan samanfattast slik:

- Rekruttere tannlegar og oppnå stabilitet i stillingane
- Følgje opp tiltaka i Omstilling 2000
- Vidareutvikle tilbodet til grupper av eldre, funksjonshemma og langtidssjuka
- Utbygging av IT
- Sørgje for nødvendig kompetanseutvikling hos personalet
- Opprusting av klinikkar og utstyr

NØKKELTAL TANNHELSE Rekneskapstal - mill. kroner	R-00	B-00	R-99
Driftsutgifter	75,5	78,5	75,8
Finansieringsutgifter	0	0,3	0
Driftsinntekter	16,8	20,0	18,6
Nettoutgifter	58,7	58,8	57,2
Dekningsgrad	2000	1999	
Barn og ungdom 1-18 år	89%	90%	
Psyk. utvikl. over 18 år	87%	86%	
Eldre i institusjon	67%	75%	
Personar i heimesjukepleie	31%	42%	
Ungdom 19-20 år	32%	33%	
Betalande vaksne	7%	8%	
Tannhelsesresultat	2000	1999	1984
Feilfrie tenner, 5-åringar	59%	64%	45%
Gj.snitt tannroteskadde tenner, 12-åringar	1,6	1,5	3,7
Gj.snitt tannroteskadde tenner, 18-åringar	5,7	5,7	11,3

Utdanningsavdelinga

Hovudoppgåvene til utdanningssektoren er vidaregåande skole og fagopplæring i arbeidslivet. Opplæringa skjer i 36 vidaregåande skolar og 1100 lærebedrifter.

Utdanningsutvalet har det politiske ansvaret for sektoren, medan fylkesutdanningsjefen har det administrative ansvaret. Yrkesopplæringsnemnda, som er samansatt av folkevalde og representanter for partane i arbeidslivet, har eit særskilt administrativt ansvar for fagopplæringa i fylket.



FYLKESTINGSMÅL

1. Møre og Romsdal skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod som i omfang tar sikte på å oppfylle gjeldande nasjonale mål

Resultat:

Omfanget i skoleåret 2000/2001 er på om lag same nivå som for forrige skoleår, 325 %. Det er no få vaksne som søker ordinær vidaregåande opplæring. Omfangs forskrifta blir ikkje vidareført etter 01.01.2001. Dette har samband med at elevane har fått utvida opplæringsretten og rett til eit omval.

2. Talet på ledige elevplassar i den vidaregåande skolen skal reduserast. På kort sikt bør talet ikkje overstige 800.

Resultat:

Søklar- og opplæringsstatistikken viser at det per 14.11.2000 var 778 ledige plassar ved dei vidaregåande skolane i fylket, mot 1211 per 11.11.1999. Ved skolestart var talet på ledige plassar nær 500, men det er stort fråfall rett etter skolestart og den første månaden etter at skolen er komen i gang. Størst ledig kapasitet har ein innfor studieretningane allmenne, økonomiske og administrative fag, helse- og sosialfag, naturbruk, mekaniske fag og teknisk fagskole. Naturbruk har svak rekruttering og dei tre andre studieretningane er spreidde på mange skolar. Det er vanskeleg å redusere talet på ledige plassar ytterlegare utan at ein gjer omgripande strukturelle endringar, spesielt innfor studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag.

Ein konsekvens av innstramming i kapasiteten er at berre 86 % av grunnkursøklarane med rett som no får oppfylt sitt første kursønske. Dette kan få konsekvensar for kapasiteten i vidaregåande opplæring ved at det kan bli fleire som vel om att.

3. Fylkeskommunen har som mål at ein tredjepart av elevane kvart år skal ta fagopplæring etter VKI i skole

Resultat:

Det var 876 primærskolar til læreplass i 2000. I 2000 gikk det ut om lag 1030 elevar frå VKI kurs med påbygging lærefag. Det er i underkant av tredjeparten av eit normalungdomskull. I løpet av formidlingsprosessen har nokre ikkje latt høyre frå seg, nokre har teke frå, nokre tek seg arbeid og andre har i staden ombestemt seg og teke ein skoleplass. Av totalt 876 teikna lærekontraktar i 2000 vart det teikna 760 "reformlærekontraktar". 88 elevar gjennomførte opplæringsløp som avvik frå normalmodellen (såkalla avviksfag). I 1999 vart det teikna 816 lærekontraktar.

Om lag 75% av dei elevane som gjennomfører eit VKI kurs med lærefag som påbygging teiknar lærekontrakt.

4. I planperioden er målet å auke kapasiteten til ca 250 fulltids elevplassar per år spesielt for vaksne.

Resultat:

Skoleåret 1999/2000 var det 489 elevar over 20 år i ordinære vidaregåande tilbod, skoleåret 2000/2001 er det 484 elevar over 20 år. Ein har ulike tilbod spesielt lagt til rette for vaksne, t.d komprimert utdanning, allmenne fag som går inn i den generelle studiekompetansen, førebunde eksamenskurs for praksiskandidatar og andre eksamensførebunde kurs. I samarbeidet innfor Opplæringsregion Nord har ein starta arbeidet med nettbasering av tilbod for vaksne. Ein har førebels ikkje eit godt nok oversyn over tilbod spesielt tilrettelagt for vaksne til at ein kan rekne dei om til fulltids elevplassar. Godt og vel 4000 vaksne har teke ulike kurs ved ressursentra ved dei vidaregåande skolane.

FAGLEGE OG PEDAGOGISKE MÅL

5. Fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringsstilbod som på ein god måte oppfyller kvalitetsmåla i målformuleringane i læreplanverket.

Resultat:

I samband med Reform 94 vart det gjennomført etterutdanning for undervisningspersonalet på alle studieretningar og til instruktørar i lærebedrifter. Denne innsatsen er vidareført i år 2000, med m.a. eit omfattande etterutdannings- og stipendprogram for framandspråklærarar, og med etterutdanning av alle dei ca 500 prøvenemndsmedlemene innanfor fagopplæringa, i tillegg til løpande kompetanseutvikling i samband med nye fag og studieretningar, nye lærebedrifter etc. . Størst kompetanseutviklingsaktivitet er likevel knytt til det nasjonale differensieringsprosjektet, som knytter seg til evalueringa av Reform 94 og som alle dei vidaregåande skolane er involverte i. Målet for prosjektet er å få til betre tilpassa opplæring for alle elevar. Dette prosjektet er og kopla til LUIS/SAMTAK-programmet, eit kompetanseutviklingsprogram for skoleleiarar og for PPT.

Som viktige verkøy i kvalitetsutviklingsarbeidet er det i tilknytning til differensieringsprosjektet gjennomført ei stor læringsmiljøundersøking mellom alle elevane på grunnkurs ved dei vidaregåande skolane. Undersøkinga viser at heile 97 % av elevane gjev uttrykk for at dei trivst i skolekvardagen. Samtidig er det avdekt at vi har viktige utfordringar å arbeide med for å få til større elevmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa, og at desse utfordringane synest å vere større innanfor allmennfaglege studieretningar enn innanfor yrkesfaglege.

Også for lærebedrifter og lærlingar er det gjennomført eit kvalitetsutviklingsprosjekt i år 2000: «Prosjekt bedriftsbasert vurdering». Måler er å utvikle metodar og verkøy for lærebedriftene i arbeidet med å styrke kvaliteten på opplæringa.

6. Skolar og lærebedrifter skal ha lokale og utstyr som er nødvendig for å ha god standard på opplæringa.

Resultat:

Ein så desentralisert skole- og tilbodsstruktur som vi har i fylket, krev eit høgt investeringsnivå i bygningar og utstyr. I tilknytning til «Omstilling 2000» er det lagt opp til eit omfattande program for omstrukturering og konsentrasjon, med sikte på vesentleg færre skoleeiningar, og ei kraftig opprusting og modernisering av dei framtidige skoleeiningane. I tilknytning til vedtak om budsjett for 2001 og økonomiplan for 2001-2004 (jf T-61/00) vart det lagt opp til eit investeringsprogram på 600 mill kr i 4-årsperioden.

Det må likevel understreka at både når det gjeld utstyr og etterutdanning, er det førebels stort gap mellom behov og ressurstilgang. Her må ein m.a. ha i mente den svært utilfredsstillande standarden på ein del undervisningsutstyr, bibliotek- og bibliotekarmangelen. Også den jamt aukande alderen på personalet burde tilseie ekstra innsats for fagleg påfyll og inspirasjon.

7. Elevar og lærlingar skal delta aktivt i læringsprosessen, og opplæringa skal oppfyller eleven og lærlingen sine rettar og vere tilpassa den enkelte ungdoms behov og interesser.

Resultat:

Søkjarstatistikken for 1997/98 viste at om lag 95 % av søkerane då fekk plass på sitt primært valde kurs. Ved inntaket hausten 2000 var det 86 % av søkerane som fekk oppfylt det første kursønsket sitt. Isolert sett treng ikkje nedgangen, når det gjeld individuelle ønske, vere ugunstig i forhold til samfunnsmessige behov for arbeidskraft, men det er ei stor utfordring å sikre at nedgangen ikkje fører til auke i talet på studieavbrot og omval.

Arbeidet med å oppfylle elevens og lærlingens rettar, er sentralt knytt til differensieringsprosjektet (jf mål 5) der målet er å sikre tilpassa opplæring for alle. Elevmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av læringa er elles eit hovudmål både i skole og fagopplæring. Dette er også understreka i samhandlinga med det Kontaktforum som er etablert mellom utdanningsavdelinga og representantar for Elevorganisasjonen og elevråda.

8. Den enkelte ungdom skal vere informert om kva for opplæringsalternativ som finst i vidaregåande opplæring i fylket, og om kva for konsekvensar dei vala han eller ho gjer, har for vidare opplæring og yrkesliv. Det er eit mål å få til meir bevisste utdanningsval - m.a. uavhengig av kjønn - og større interesse for å velje utdanningsveggar som gir sikre arbeidsplassar i eit framtidig arbeidsliv.

Resultat:

Fordi det har vore for dårleg samsvar mellom ungdommens ønske om utdanning og arbeidslivets behov for arbeidskraft, sette fylkesutdanningsseksjonen i samarbeid med m.a. partane i arbeidslivet i 1997 i gang eit to-årig prosjekt «Samarbeid skole - arbeidsliv» med sikte på å gi ungdom eit betre grunnlag for å gjere gjennomtenkte val av vidaregåande opplæring. Dette prosjektet vart samordna med KUF sitt nasjonale treårige prosjekt «Bevisste utdanningsval» (1998-2000). Desse to prosjekta var overlappende når det gjaldt tiltak for å motivere og ta vare på jenter som vel utradisjonell opplæring i yrkesfag der det er stor etterspurnad etter arbeidskraft i næringslivet i fylket. Med to prosjekt fekk arbeidet ein breiare fokus, mellom anna fordi ein og var opptatt av gutane sine val og behovet for arbeidskraft i offentleg omsorgssektor framover. I prosjektarbeidet for begge satsingane vart det lagt vekt på:

- å gje rådgjevarar og faglærarar i ungdomskole og vidaregåande skole kunnskap om bakgrunnen for ungdommen sine val, om utdanningsveggar, og gi dei kunnskap om yrkesstrukturen i det mangfaldige arbeidslivet i Møre og Romsdal.
- å informere, motivere og rekruttere jenter og gutar til utradisjonelle val gjennom tiltak i ungdomskolen, der vi legg vekt på å få fram næringslivsprofilen i fylket.

- å ta vare på dei som har valt utradisjonelt, ved fylkessamlingar og utprøving av støttetiltak ved fem prosjektskolar.
- å profilere naturbrukstilbodet i vidaregåande opplæring i fylket
- bidra til lokale skole-/arbeidslivsatsingar for å motivere til val av utdanning retta mot yrke i fiskerinæring, møbelindustrien og verkstadindustrien.

Prosjektet «Beviste utdanningsval» vart avslutta i løpet av år 2000, og har ein nasjonal oppsummeringskonferanse våren 2001. Arbeidet med å vidareutvikle kontakten mellom skole og arbeids- og næringsliv held fram gjennom utviklingsarbeid knytt til partnerskapsavtalar mellom skolar og næringsliv, og spesielt gjennom prosjekta «Ungdom til utdanning og yrke i møbelindustrien og fiskerinæringa» (1999-2002) og «Entreprenørskap i skolen» (1999-2002).

Det vart i 2000 etablert fleire elevbedrifter i samband med vidaregåande opplæring, t.d. Stål og stil ved Nørve vgs, Rapp ved Atlanten vgs og Hjelpekompaniet ved Romsdal vgs. Den 16.02.01 møttest 10 ungdomsbedrifter til fylkesmesse og konkurransar i Ålesund.

Det må elles nemnast at det frå skolane si side er gjort eit kontinuerleg informasjons- og rettleingsarbeid gjennom yrkesmesser og direkte kontakt med elevar og foreldre. Rådgjevarane har ein viktig funksjon, og ein har retta inn kompetansestyrkingstiltak mot denne målgruppa. Det har vore fleire kurs for skolerådgjevarane i ungdomskolen og vidaregåande skole med fokus på utdanningsval og behov for arbeidskraft i fylket, m.a. knytt til ovannemnde prosjektarbeid. Det må her og nemnast at utdanningsavdelinga opplever eit stadig sterkare krysspress mellom nasjonal og internasjonal marknadsføring og konkurranse om ungdommen i fylket, og lokale ønske om å prøve å sikre interesse for arbeidsplassar og framtidig yrkeskarriere i Møre og Romsdal.

NÆRINGSPOLITISKE MÅL

- 9. Lokaliseringa av opplæringstilboda skal planleggast slik at elevane i størst mogleg grad – spesielt på grunnkursnivå – kan bu heime, og ut frå omsynet til transportøkonomisering og det behovet arbeids- og næringslivet i ulike regionar i fylket har for kompetanse**

Resultat:

Undersøkingar av inntaksdata viser at 16-åringane i hovudsak søker grunnkurs på næraste skole. I samband med Omstilling 2000 la ein spesiell vekt på å oppretthalde ein skole- og tilbodsstruktur ("inntaksområde") som nettopp tek omsyn til at 16-åringane skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod som gjer det mogleg å kunne bu heime.

Det har ofte vore peikt på at ein må kople skole og næringsliv lokalt for å støtte og utvikle rekrutteringa til viktige næringar i fylket. Søkinga til opplæringstilbod som støttar viktige næringar i fylket, viser at ei sterk kopling mellom lokaliseringa av næringsretta tilbod og lokal industri ikkje alltid styrker rekrutteringa. Der ein

tidlegare hadde god søking til lokalt forankra yrkesfag, har ein fått eit meir likt nasjonalt rekrutteringsmønster der lokale og regionale særtrekk spelar mindre rolle for ungdomen sine utdanningsval. Skal ein styrkje og oppretthalde rekrutteringa til marginale fag, ser det ut til at ein betre kan få dette til ved å ha eit større rekrutteringsgrunnlag, dvs leggje tilbod til sentrale skolar med breie fag- og elevmiljø. For å utvikle tilboda er det viktig å byggje på relasjonane til næringane.

10. Ressursentra skal vere lokale opplærings-senter til støtte for arbeids- og næringslivet i dei ulike regionane, og skal vidareutviklast for å dekke nye behov utløyst av kompetansereformen.

Resultat:

Gjennom arbeidet med kompetansereforma har det vidaregåande opplæringssystemet vorte stilt overfor store nye utfordringar. Ein rett til vidaregåande opplæring for vaksne vart innført frå 1.august 2000, og i forkant av dette vart det gjennomført eit utgreiings- og etableringsarbeid for å få på plass dokumentasjonssentralar med ansvar for realkompetansevurdering av vaksne. Fire slike service-sentralar vart etablert, men alle skolar/ ressursentra vart involverte i gjennomføring av vaksenopplæringsreforma. Den store utfordringa utover hausten 2000 var å få etablert gode prosedyrar for handtering av søknader, og samtidig få etablert fleire opplæringstilbod for vaksne. Det må her nemnast at forskrifta med presiseringar av Opplæringslova når det galdt vaksne sine rettar, ikkje kom før i januar 2001.

Kompetansereforma vart og sterkt fokusert på i arbeidet med Fylkesplan 2001-2004. Reforma stiller krav om utvikling av nye samhandlingsrutinar, m.a. mellom utdanningssektoren og andre sektorar, og mellom offentleg og privat eller frivillig sektor. Vi viser her spesielt til kap. 9 «Kompetanse og rekruttering».

Kompetansereforma har vist at det nødvendig å gjennomføre ei vurdering av det ressursentersystemet ved dei vidaregåande skolane som var etablert i 1992, m.a. med tanke på dei nye utfordringane, konkurransevilkår i forhold til andre opplæringstilbydarar, samarbeidsformer, organiseringsmåtar etc. Ei arbeidsgruppe vart nedsett på nyåret 2001, og skal ha klar innstilling i løpet av våren 2001.

UTFORDRINGAR FOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

I samband med Omstilling 2000 vart det utarbeidd ein prosjektrapport som tok for seg viktige utfordringar for vidaregåande opplæring i dei nærmaste åra. På mange av områda er arbeidet starta opp og vidareført, m.a. skole- og tilbodsstruktur, fagleg/pedagogisk utviklingsarbeid og arbeidet med opplæring av vaksne.

Arbeid med skole- og tilbodsstrukturen

I samband med oppfølging og gjennomføring av tiltak i samband med Omstilling 2000 er det sett ned arbeidsgrupper for ulike struktur- og byggjeprojekt. Det er behov både for nybygg og opprusting/rehabilitering av bygg. Det vert viktig å tilpasse skolebygga til ein endra

pedagogisk kvardag med større fleksibilitet, variasjon i opplæringsmetodar/-arbeidsmåtar og ny teknologi.

Å utvikle ein samfunnsaktiv og open skole med målsetting å få til gode oppvekst- og utviklingsmiljø gjennom aktiv bruk av nærmiljø/lokalsamfunn i læringsarbeidet er eit viktig mål når ein planlegg skolebygg, og tilbods- og skolestruktur.

På nasjonalt plan er ein i gang med eit arbeid om tilbodsstrukturen. Ei oppstramming av VKI-tilboda kan gi ein struktur for yrkesfaga som blir meir robust fordi ein ikkje får så mange smale tilbod. For skolane kan dette gi kurstilbod som ikkje blir så avhengig av det årlege inntaket. Med ein strammare nasjonal tilbodsstruktur vil det vere viktig å kunne gi flest mogleg kurs-tilbod til alle elevane i fylket.

For vidaregåande opplæring i fylket er det ei utfordring å ha ein tilbodsstruktur som balanserer mellom ungdommen sine utdanningsønske og ein struktur og kapasitet som kan tene næringsstrukturen i fylket. Å finne ein slik balanse er ikkje enkelt. Med den knappe kapasiteten som er lagt til grunn i økonomiplanen må ein prioritere ein struktur som i hovudsak kjem ønska til elevane i møte. Om ein ikkje har dette som utgangspunkt, kan ein få eit omfang på omval som i neste omgang vil presse kapasiteten i vidaregåande opplæring. Ein kan risikere at mange elevar då går på tvers i utdanningssystemet, noko som var eit av hovudproblema før omlegginga med Reform 94. Det vil difor vere ei vanskeleg oppgåve å planleggje ein tilbodsstruktur som gjer at ein til kvar tid kan tilpasse seg etterspørse-len etter arbeidskraft i marknaden.

Elevane sine ønske



Avgangselevar ved Fagerlia vidaregåande skule i Ålesund

I skoleåret 2000/2001 fekk 86 % av søkjarane plass på det kurset og den skolen dei hadde som sitt primære ønske. I skoleåret 1999/2000 fikk 94% av søkjarane oppfylt primærønsket sitt. Den nedgangen vi hadde i 2000 er ein konsekvens av ein stram økonomi i sektoren, noko som har ført til lågare klassekapasitet og større krav til oppfylling av klassane.

Det er eit viktig kvalitetskrav at flest mogleg 16-åringar skal få tilbod om opplæring på grunnkursnivå utan å måtte flytte heimanfrå. I Omstilling 2000 vart omgrepet 'inntaksområde' innført. Eit inntaksområde omfattar det distriktet rundt ein skole som kan nåast innan ei gitt tid med skoleskyss. Målet er at størst mogleg del av fylket skal vere innanfor inntaksområdet til ein vidaregåande skole. Med utgangspunkt i denne målsettinga vart fylket delt inn i 12 inntaksområde. I Omstilling 2000 vart det vedteke å innføre fritt skoleval. Det er grunn til å tru at denne ordninga på kort sikt vil få mindre konsekvensar for søkinga til grunnkurs. På noko lengre sikt kan det føre til at større skolemiljø i byane kan trekkje til seg ungdom frå bynære distrikt og sentra. Skolar som no har stabil rekruttering, kan misse søkjarar frå eige område som ein følgje av fritt skoleval. Det blir viktig å overvake kva for utslag det frie skolevalet gir. Ein må arbeide for å gjere inntaksområda robuste med eit variert skoletilbod. På sikt kan likevel fritt skoleval føre til at ein må gjere endring av skolestrukturen, justere inntaksområda eller justere det frie skolevalet.

Etterspurnad etter fagarbeidarar

Nedgang i ungdomskulla, svekka søking saman med ein sterk etterspurnad etter fagarbeidarar innanfor viktige næringar i fylket, har ført til at det innan ein del sentrale fag er større tilbod på læreplassar enn vi har elevar på aktuelle VKI-kurs. Med den relativt høge gjennomsnittsalderen som ein har på dei yrkesaktive i fylket, er det sannsynleg at etterspurnaden etter arbeidskraft vil forsterke seg ytterlegare i åra som kjem. I og med at talet på 16-åringar har gått ned med 20 % i løpet av 90-åra, vil dette behovet for nyrekruttering ikkje kunne dekkjast av ungdom, og det er derfor viktig at vaksenopplæringsreforma kan fremje yrkesmessig mobilitet i den vaksne delen av befolkninga.

Kvalitet

Kvalitet handlar meir om haldningar og strategiar enn om prosedyrar, metodar og verktøy.

- ✓ Korleis gjer vi ting ?
- ✓ Korleis veit i kva vi faktisk gjer ?
- ✓ Kva gjer vi på grunnlag av det vi faktisk veit ?

Med desse spørsmåla som referanse i det daglege arbeid blir det ei utfordring å utvikle kvalitetstenking som ein integrert og bevisst del av dei arbeidsmåtane vi nyttar og dei haldningar og verdiar som styrer oss.

Fylkesutdanningssjefen vil i tida framover skjerpe merksemda på kvalitetsutvikling i dei vidaregåande skolen og i fagopplæringa. Det er klart at organiseringa av læringsarbeidet til elevane må endrast grunnleggjande. Både innføringa av ny teknologi (IKT) og kravet om tilpassing av opplæringa til føresetnadene og interessene til den enkelte, stiller oss overfor utfordringar m.o.t. utforminga av skolebygningane og organiseringa av arbeidstida til dei tilsette. Når elevane skal ha større medverknad og ansvar for korleis arbeidet skal leggjast opp, stiller det krav både til utstyr, lærarar og skoleleiing.

Innhaldet i opplæringa

Tydeleg pedagogisk leiarskap, god samhandling og felles oppfatning om skolens verdigrunnlag og prioriteringsområde er faktorar som må prege vidaregåande opplæring framover. Med krav om tilpassa og differen-

siert opplæring skal ein skape gode læringsmiljø i alle delar av organisasjonen. Det å utvikle eit lærings- og skolemiljø der elevane trivst og opplever at dei lukkast, er primære målsettingar i vidaregåande opplæring. Å ta i bruk og utvikle ulike pedagogiske metodar og læringsarenaer blir viktig for å kunne gi ei tilpassa og inkluderande opplæring.

Kompetansereforma

Det vidaregåande opplæringssystemet vil ha ansvar for å gi vaksne med opplæringsrett gode tilbod. Dette må sjølvstendig også få konsekvensar for mål og tiltak. Reformen vil stille store krav til distribusjonsmåtar og fleksible opplegg. Dei økonomiske rammene for offentleg sektor vil vere ei konstant utfordring. Spesielt når det gjeld vaksneopplæring, vil det offentlege opplæringssystemet bli utfordra av ei lang rekkje konkurrerende aktørar. Med mange kursaktørar er det viktig å samordne opplæringstilbod slik at dei ikkje øydelegg for kvarandre. Det trengst tettare samarbeid: på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, mellom kommunar og fylkeskommunen, og mellom offentleg og privat sektor, med sikte på samordna innsats, få til god ressursutnytting og god måloppnåing til beste både for den enkelte og for fellesskapet. Skal ein lukkast, må ein stimulere til eit større mangfald med vekt på individuelle og lokale løysingar innafør gitte rammer, m.a. gjennom brukarmedverknad, samarbeid skole/heim, samspel skole/lokalsamfunn, vektlegging av kommunale og fylkeskommunale prioriteringar etc.

Det er ei viktig oppgåve framover å hente inn «reservar» til arbeidsstyrken, dvs. personar med delstillingar eller utanfor arbeidslivet, eldre og innvandrargrupper. Desse vil i stor grad ha behov for spesielt motivierende kompetansestyking.

Personalet

I siste halvdel av 90-åra har ein årleg redusert kapasiteten i vidaregåande opplæring for å tilpasse klasseta-

let til stadig mindre ungdomskull. Dette har ført til at personale er meldt overtallig. I denne prosessen har ein mista mange yngre lærarar i vidaregåande opplæring, noko som har ført til at gjennomsnittsalderen for lærarkorpset har stige. Frå skoleåret 2001/2002 er klassetalet på eit botnnivå. Frå hausten 2001 vil ein vere "ferdig" med den perioden då lærarar vart meldt overtallige grunna klassesalsreduksjonar. Overtal vil framover bli ein konsekvens av eventuelle endringar i tilbodsstrukturen og endringar i samband med årleg inntak. Mindre svingingar i klassetalet greier ein vanlegvis å løyse utan at det fører til overtal.

Frå 2004 aukar ungdomskulla igjen. Då vil ein ha trong for fleire lærarar samtidig som mange av dei lærarane vi har, nærmar seg pensjonsalderen. Det blir difor ei stor utfordring å rekruttere lærarar til vidaregåande opplæring i åra framover. Om den stramme arbeidsmarknaden held fram, vil ikkje det gjere rekrutteringsarbeidet enklare. I tillegg veit ein at det vert utdanna få "realistar" frå universiteta.

Utfordringa for vidaregåande opplæring i åra framover blir difor å rekruttere nye lærarar med den kompetansen ein treng. Difor må skolane våre vere attraktive arbeidsplassar med moderne skolelokale, sterke fagmiljø, gode arbeidsplasstilhøve og moderne utstyr til opplæringa. I tillegg blir det viktig å få lærarane til stå i jobben heilt til dei går av med pensjon ved normalaldersgrensa. Møre og Romsdal er med i det nasjonale "livsfaseprosjektet" som prøver ut ulike tiltak for å gjere det attraktivt for eldre lærarar å halde fram i jobben. Ein må rekne med å nytte ulike type tiltak for å rekruttere og behalde lærarar og få dei eldre lærarane til å halde fram.

Ved sida av å ha ein moderne personalpolitikk er det viktig for fylkeskommunen å vere med i arbeidet for å gjere fylket attraktivt å busette seg i.

NØKKELTAL UTDANNING	Rekneskap 2000	Budsjett 2000
Rekneskapital i millionar kroner		
Totale driftsutgifter	959,1	921,1
Totale driftsinntekter	147,8	94,4
Nto. finansutg.	7,7	0,2
Netto resultat	819,0	826,0
Elevstatistikk pr. 1.10.99	2000/2001	1999/2000
Elevplassar	10 187	10 686
Søkjjarar til fellesinntaket	9 701	9 871
Søkjjarar utan skoletilbod	79	124
Inntekne elevar totalt	9 402	9 466
Inntekne elevar på særskilt gr.lag	732	760
Ledige sk.plassar etter skolestart	778	1211
Fagopplæring i arbeidslivet		
Læringar på kontrakt 31.12.	1721	1750
Nye lærekontraktar	876	817
Avlagte fag-/sveineprøver	1246	2050

Kulturavdelinga

Fylkeskommunen sine oppgåver på kulturområdet spenner over eit vidt spekter, m.a. planarbeid, rådgjeving, forvaltning av lovverk om kulturminne, kulturtilskot til organisasjonar, institusjonar m.v., forvaltning av spelemidlane og ymse statlege tilskotsordningar, initiering og gjennomføring av ungdomskulturtiltak, drift av Møremusikarane og fylkesbiblioteket, engasjement i overordna planlegging og tiltak på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Kulturavdeling samarbeider nært med kulturorganisasjonar, institusjonar og forvaltningsnivå.

Kulturutvalet har det politiske sektoransvaret, medan fylkeskultursjefen har det administrative leiaransvaret.



Møremusikarane, bak frå venstre - Jo Inge Nes, Asgeir Hoffart, Peter Wergeni, Bjørnar Myhr, Jens Arne Molvær, Kirsti Pedersen Haugen, Per Kåre Fossum. Foran frå venstre, Asgeir Aarøen, Judit Toth Sylthe.

«KULTURLANDSKAP» MØRE OG ROMSDAL, ANNO 2000

«HER ER DET KJEDELEG Å VERE»

I Møreforsking, Volda sitt forskingsprosjekt: «Ung i utkant» seier ungdom i 8 kommunar i fylket at her er det kjedeleg å vere - ingen ting å finne på i fritida. «Vi ønskjer å flytte ut av fylket». Rapporten som kom i 2000 gjengir haldningane til ungdom i alderen 13 - 19 år.



Ona, sett frå Husøya, Sandøy kommune.

I undersøkelsen knytt til forskingsprosjektet er utkantkommunen Sandøy anleis kommunen - her ønskjer ein stor del av ungdommen å slå seg ned. Kvifor? For kommunen er dette sjølvstøtt hyggeleg - rådmannen meiner at dette skuldast svært medveten haldning om å ta barn og unge aldeles på alvor i alle samanhengar:

ungdommens kommunestyre, skolen sitt samspel med lokalmiljøa, tilrettelegging av og innhald i kultur- og fritidstilbod, lokalbasert yrkesrettleiing m.v.

Forskningsprosjektet er vidareføring av eit forskingsprosjekt frå 10 år tilbake. I rapporten den gongen: »Det kjem an på alt det», ga ungdom uttrykk for at «godt og oversiktleg oppvekstmiljø/sosialt miljø» var viktigaste faktor for ønskje om å busette seg i heimfylket.

Fylkestinget sine synspunkt på at kultursatsing er viktig for ei positiv utvikling av Møre og Romsdal blir her dokumentert og fylkesplanen si grunnhaldning om barn og unge sin medverknad gir også god effekt i ei kommune som Sandøy. Forskningsprosjektet bør vere ei viktig rettesnor for offentleg satsing i Møre og Romsdal.

VISJONAR OG AMBISJONAR

I oktober 2000 vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal Kulturplan 2000 som fylkesdelplan for kultur for Møre og Romsdal. Staten forutset slik plan som grunnlag for fylkeskommunen si kultursatsing og som retningsgjevande for både kommunane og staten sin innsats på kulturområdet. Kulturplan 2000 tek opp i seg og samordnar tidlegare plandokument til eit overordna plandokument for heile kulturområdet og peikar framover på tiltak som skal gjennomførast i eit breitt kultursamarbeid.

Debatten i fylkestinget viser ei høg politisk merksemd på at kulturinnsats frå det offentlege i nært samvirke med frivillige krefter er viktig både som ei målsetting og som eit virkemiddel for å tilretteleggje for «det gode

liv». Offentleg kulturinnsats blir i debatten omtalt som viktig som førebyggjande og helsefremjande arbeid og for å skape trivsel, fellesskap og ønskje om å bu og virke i Møre og Romsdal.

Kulturplan 2000 er utvikla i nært samarbeid med kommunane, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar i fylket. Planen er også utarbeidd i nær samanheng med rullering av det overordna fylkesplandokumentet slik at kulturplanen gjennom handling skal oppfylle sentrale mål i Fylkesplan 2001 - 2004. I fylkesplanen er visjonen for fylket: «Aktive enkeltmenneske, livskvalitet og levedyktige lokalsamfunn». Fleire av innsatsområda i fylkesplanen utfordrar til kulturinnsats som blir konkretisert i tiltaksprogrammet i Kulturplan 2000.

Kulturarbeidet i Møre og Romsdal er prega av ein brei dugnad. Planen utfordrar til ein enno breiare dugnad, slik at også andre sektorar enn kultursektoren skal gjennomføre konkrete kulturtiltak. Haldninga i planen er at kultur ikkje berre er ein sektor, men sentralt element i heile samfunnsutviklinga.

OMSTILLING 2000

Fylkestinget utvida ramma til kultur for 1999. Gjennom omstillingsarbeid og budsjetthandsaming for både 2000 og 2001 blei ramma redusert.

Budsjettreduksjonar er gjort gjennom å redusere bemanning i kulturavdelinga, reduksjon av ulike driftsrammer, reduksjon av tilskot til organisasjonar og institusjonar og ved å redusere tilskot til kulturprosjekt.

Bokbåttilbodet var også foreslått teke bort ved handsaming av Omstilling 2000 i juni. Ved budsjetthandsaminga vart ramma utvida for at bokbåten EPOS framleis skal gje tilbod i Møre og Romsdal.

Utfordringa blir å oppretthalde både aktiviteten og motivasjonen med mindre løyvingar.

Frivillige organisasjonar har særleg opplevd tilskotskutta negativt sett i lys av at frivillige organisasjonar er prioritert i fylkesplan- og kulturplansamanheng.

NYE KULTURGREGP

Kulturministeren opna Ivar Aasen-tunet og Nynorsk Kultursentrum i juni. Eit praktbygg er reist og ein offensiv institusjon og kulturformidlar har gjennom sin store og breie aktivitet vist at den vil få ein tydeleg plass i norsk kulturpolitikk. Heile 19.200 har opplevd bygget, utstillingane og ulike kulturprogram i senteret dette halve året.



Ivar Aasen-tunet og Nynorsk Kultursentrum vart opna i Ørsta i juni i fjor.

Stortinget vedtok i 2000 å løyve 10 mill. kroner til Jugendstilsenteret i Ålesund som Møre og Romsdal sin Tusenårsstad. Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvd 3.3 mill kroner kvar til investering. Løyvinga frå fylkeskommunen er gjort med 1,5 mill. kroner i 2000 og 1,8 mill. kroner i 2001. Svaneapoteket/Apotekergt. 16 er kjøpt til formålet, ei stifting er danna og eit styre har nå erstatta interimstyret. Planleggingsarbeid er i full gang for å kunne opne senteret i 2002 eller 2003.

Stortinget vedtok i samband med statsbudsjettet for 2000 å etablere Molde Internasjonal Jazz Festival som knutepunktinstitusjon. Dette er i tråd med ønskje og vedtak både i Molde kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Endringa vil gi festivalen ei tryggare plattform. Arbeidet med dei formelle justeringane knytt til organisasjon og vedtekter er kome i gang.

I DET DAGLEGE

Den kontinuerlege kulturdugnaden foregår heile tida i eit fint vevd samarbeid mellom det frivillige og det offentlege, mellom amatørar og profesjonelle, i frivillige organisasjonar, i profesjonelle kulturinstitusjonar, i og mellom kommunar. Møre og Romsdal fylkeskommune er også ein viktig del av dette nettverket og samarbeidet - også som staten si forlenga arm på kulturområdet.


Fylkeskommunen sine oppgåver på kulturområdet er planlegging, samordning, rådgeving, forvaltning og produksjon av kulturtenester innan områda bibliotek, kulturformidling, idrett- og friluftsliv og kulturvern.

Tilskot til kulturorganisasjonar og kulturinstitusjonar er også ein vesentleg del av Møre og Romsdal fylkeskommune si verksemd. Samla tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i 2000 er 18.866.000 mill. kroner. Dei ulike tilskota utløyser både statlege tilskot og kommunale tilskot. Ikkje minst utløyser dei stor dugnadsinnsats og frivillig arbeid.

Saman med dei andre fylkeskommunane slit Møre og Romsdal fylkeskommune med for knappe ressursar til å handsame dei forvaltningsoppgåvene som er delegert etter kulturminnelova. Staten dekkjer ikkje dei kostnader som oppgåvene krev. Dette går ut over både oppgaveløysinga og gir ei for stor belastning for personale. KS arbeider med dette spørsmålet saman med fylkeskommunane utan at det har funne si løysing.

Kulturformidlingsprosjektet "Kulturnista" i samarbeid med kommunane i Møre og Romsdal når skoleåret 2000/2001 26.573 av 33.117 elevar i grunnskolen. Dette store volumet er gjort mogleg ved prosjekttilskot frå Kommunal- og Regionaldepartementet fram til sommaren 2001. Tilbakemeldingane er svært gode.

Også forsøksprosjektet »Forenkla tilskotsordning» til nærmiljøanlegg og enkle anlegg til friluftsliv og aktivitet, i samarbeid med Kulturdepartementet, held fram med svært gode tilbakemeldingar. Med bakgrunn i våre erfaringar, etablerer Kulturdepartementet forenkla tilskotsordning til nærmiljøanlegg som ei nasjonal ordning. Med små midlar har desse tilskota skapt stor aktivitet.



Ordninga med følge/ledsagerteneste for funksjonshemma er vel gjennomført - og gjeld innafor offentlig transport og kulturarrangement.

Det er i 2000 gjennomført planlegging av felles fylkesomfattande ordning med følge-/ledsagerteneste for funksjonshemma i Møre og Romsdal. Ordninga gjeld offentlig transport (MRF, riksvegferger, NSB) og kulturarrangement. Fylkeskulturavdelinga, samferdselavdelinga og kommunane har samarbeidd om etablering som blir innført frå 01.01.01. Ordninga byggjer på erfaringar frå føregangskommunar i Møre og Romsdal.

I dei ulike delane av årsrapporten for kultur er det gjort nærare greie for Møre og Romsdal fylkeskommune sine oppgåver på kulturområdet i 2000.

UTFORDRINGANE

Visjonar og ambisjonar er nedfelt i Kulturplan 2000. Utfordringane er å gjennomføre dei tiltaka som det i planen er målsetting om å gjennomføre. På ulikt vis vil dette vere med på å utvikle Møre og Romsdal som trivselsfylke. Det offentlege si rolle er å makte dette i så stor grad at optimismen og trua på eit aktivt og positivt liv i Møre og Romsdal blir halden ved like. Då må både staten, fylkeskommunen og kommunane sjå si rolle og ta den på alvor i nært samspel med dei mange villige dugnadskreftene i fylket.



Innendørs klatrevegg/Sunnmørshallen - eit utfordrande og spanande aktivitetstiltak for ungdom.

FYLKESTINGSMÅL (FT-mål)

1. PLANAR.

Fylkeskommunen skal i perioden vidareutvikle plansida på kulturområdet slik:

- fullføre samla plan for arkivfunksjonar
- følge opp gjeldande fylkesdelplanar på kulturområdet og gjennomføre samla rullering av handlings- og tiltaksdelane i desse planene

RAPPORTERING FT-MÅL 1:

- plan for arkivfunksjonar er utarbeidd og vedteken. Interkommunalt arkiv for M. & R. er etablert og under oppbygging i Ålesund og Kristiansund. Privatarkivdelen som skulle koplant mot den offentlege delen, har så langt fått ein svakare fokus.
- arbeidet med rullering av alle fylkesdelplanane på kulturområdet gjennom samla plangrep er fullført i samband med Kulturplan 2000. Den nye kulturplanen blei vedteken av Fylkestinget i oktober 2000.

2. OPPLEVINGS-/ DOKUMENTASJONSSENTER.

Fylkeskommunen skal i perioden, gjennom politisk og fagleg deltaking, medverke til å:

- realisere Norsk Fjordsenter i Geiranger
Også økonomisk medverknad på kr 1 million (jfr. T - sak 48/97).
- utvikle Kystkultursenteret i Vågen, Kr.sund N.
Fylkeskommunen har gått inn som medstiftar.
- realisere Ivar Aasen-tunet
Fylkeskommunen har løyvd kr 6 mill. i perioden 1997 - 1999.
- realisere Jugendstilsenteret i Ålesund
- etablere Mellemverftet i Kristiansund med status som nasjonalt fartøyversenter og sikre rammer til drift

RAPPORTERING FT-MÅL 2:

- Ivar Aasen-tunet i Ørsta fullført og opna i juni 2000.
- Jugendstilsenteret i Ålesund er utpekt til tusenårsstad for Møre og Romsdal. Apotekergt. 16 er innkjøpt til formålet. Staten, fylkeskommunen og Ålesund kommune har vedteke avtale som sikrar løyvingar til investering i 2000/2001. Staten løyver også midlar til drift frå 2001.
- Norsk Fjordsenter i Geiranger – prosjektet er framleis i planleggingsfasen.
- Dei øvrige punkta under dette fylkestingsmålet er framleis under arbeid, men utan noko vesentleg nytt i høve tidlegare rapportering.

3. KUNST- OG KULTURFORMIDLING

Fylkeskommunen skal medverke til utvida samarbeid mellom utdannings- og kulturretatane på kommunalt og fylkeskommunalt nivå, kulturinstitusjonar og andre aktørar innan kulturformidling for å styrke:

- formidling av profesjonelle kulturopplevingar, særleg til barn og unge

- bibliotektenestene i grunn- og vidaregåande skolar
- utvikling av IT på kulturområdet – biblioteknett, museumsnett, arkivnett
- styrke fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter innan formidling av kunnskap og informasjon ut i frå eit regionalt samarbeidsperspektiv

RAPPORTERING FT-MÅL 3:

- Formidling av profesjonelle kulturopplevingar, særleg til barn og unge
- Formidlingsprosjektet Kulturista er hovudsatsinga under dette tiltakspunktet. Frå hausten 2000 er samtlege kommunar med i prosjektet. Tre av kommunane deltar med 1-2 skolar, dei resterande kommunane med samtlege grunnskolar. Gjennom Kulturista er elevane sikra minimum ein teater- eller danseframvisning, ei bokoppleving og ei kunstoppleving pr skoleår. I tillegg kjem 2 skolekonsertar frå Rikskonsertane/Møremusikarane. Ordninga får sterke positive tilbakemeldingar både frå skolar, kommunar og produsentar av ulike kulturtilbod.
- Dei øvrige tiltakspunkta under dette fylkestingsmålet

I hovudsak er satsinga knytt til fylkesbiblioteket sitt arbeid med utvikling av IT – området. M.a. er prosjektet "Spør biblioteket" vidareført som eit permanent tiltak. Andre tenester basert på IT-verktøy er dessutan starta opp siste året.

4. FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

A) Fylkeskommunen skal i perioden medverke politisk, fagleg og økonomisk til:

- at opplæringstilboda for tillitsvalde i dei frie organisasjonane skal bli betre samordna og tilpassa organisasjonane sine behov (Jfr. fylkesplanen, kap. 6 - "Frie organisasjonar...")
- å vidareutvikle kommunikasjonen mellom og samhandlinga med 3. sektor og det offentlege
- å styrkje eigenfinansieringa i dei frivillige organisasjonane

B) Fylkeskommunen skal i perioden ta initiativ til / iverksette:

- eit prosjekt/samordningstiltak vedkomande fylkeskommunale og statlege tilskot til dei frivillige organisasjonane på fylkesplan

RAPPORTERING FT-MÅL 4:

- Ikkje noko vesentleg nytt som er iverksett under dette fylkestingsmålet. Samhandlinga med organisasjonane er vidareført i dei etablerte fora. Tiltaka som gjeld betre samordning på fylkesnivået og styrking av eigenfinansieringa har ikkje gitt konkrete resultat til no.

5. KULTUR OG HELSE

Fylkeskommunen skal i perioden medverke til ulike helsefremjande og førebyggjande tiltak som er tufta på tverretatleg samarbeid og der frie organisasjonar blir trekt med. Gjennom politisk, fagleg og økonomisk deltaking skal:

- kultursatsing i fylkeskommunale helseinstitusjonar vidareførast, jfr. "Psykiatriplanen"
- fylkeskommunen vere samarbeidspart for å fremje "helse-kultur"-dimensjonen i førebyggjande arbeid, jfr. "På helsa laus" - planen
- kulturetaten i samarbeid med helse og sosial- og utdanningsetatane arbeide for å utvikle ei opplæring/utdanning innan "helse-kulturdimensjonen"

RAPPORTERING FT-MÅL 5:

- Tiltaka i dette fylkestingsmålet er i liten grad fulgt opp frå fylkeskommunen si side det siste året. Det må framhevast at andre partar (kommunar og organisasjonar) har vidareført noko av ideane og erfaringane knytt til kultur/helse-satsinga i fylkeskommunen.

6. FRILUFTSLIV

Fylkeskommunen skal i perioden medverke politisk, fagleg og økonomisk til å:

- satse på interkommunale friluftsråd
- få fleire funksjonshemma med på friluftsliv gjennom betre tilrettelegging og tilpassa aktivitetar
- gjennomføre prosjektet «Idrett og friluftsliv» på forenkling av støtteordningane til enkle tiltak

RAPPORTERING FT-MÅL 6:

- Det er no to interkommunale friluftsråd i fylket. Nordmøre og Romsdal friluftsråd er under etablering. Frå før har vi Ålesund og omland friluftsråd.
- Kartlegging av tilrettelagte friluftslivsområde er starta opp. Det blir lagt stor vekt på tilrettelegging for funksjonshemma ved fordeling av midlar til nye friluftslivsbygg.
- Det har vore stor aktivitet og auke i talet på friluftslivssøknader på prosjektet "forenkla ordning", og ved utgangen av året var alle midlane løyvd. Ordninga er særst godt motteke hjå kommunar og organisasjonar.

Samferdselsavdelinga

Fylkeskommunen har ansvaret for omfattande oppgåver innan samferdselssektoren. Ei av hovudoppgåvene er ansvaret for kollektivtransporten, både på sjø og land, som blir utført av ruteselskap etter avtale med fylkeskommunen. Fylkeskommunen administrerer også transportordninga for funksjonshemma, utstede løyve etter samferdselslova for turbilar, drosje-køyring og frakt av gods, samt har ansvar for organisering av den sivile veg- og kysttransporten i fylket ved kriser i fredstid, beredskap og krig.

I tillegg har fylkeskommunen og eit ansvar for samordning av virkemidla innan samferdselssektoren. Fylkesplanlegginga med mellom anna Fylkesdelplan Transport skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket.

I tillegg til planlegging, tek fylkeskommunen og initiativ til utviklingsprosjekt og konkret samordning innan samferdselssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnett og fylkesvegferjer, og yter tilskot til desse. Statens vegvesen utfører dei konkrete anleggs-, drifts- og vedlikehaldsoppgåvene for fylkeskommunen. Samferdselsutvalet har det politiske sektoransvaret, medan samferdselssjefen har det administrative leiaransvaret.



FYLKESTINGSMÅL

Fylkestinget har stadfesta følgjande mål for aktiviteten for samferdselssektoren i 2000:

1. Transporttilbodet skal dekkje behova til folk og næringsliv på ein effektiv, trygg og miljømessig god måte.
2. I byområda skal det vere eit rutetilbod som gjer kollektivtrafikken meir konkurransedyktig i høve til privatbilen.
3. Langrutene og regionale ruter i fylket skal bli meir konkurransedyktig i høve til privatbilen.
4. I område utanom byane skal det vere eit kollektivtransporttilbod som dekkjer transportbehova til eldre, funksjonshemma og skoleelevar. Betring av tilbodet skal gjerast ved samordning av rutettransport og transport utanfor rute.

5. Arealplanlegging som reduserer transportbehova.
6. Fylkeskommunen skal bidra til å utvikle transportløysingar som styrker næringslivet i fylket si konkurransevne.

SAMFERDELSAVDELINGA SIN AKTIVITET I 2000

Kollektivtransport

Rutebildrifta er den største og viktigaste delen av kollektivtransporten i fylket. Dei 13 rutebilselskapa (medrekna Nordfjord og Sunnmøre Billag AS, Stryn) som mottok tilskot frå fylkeskommunen, transporterte i 2000 14,2 mill passasjerar og produserte om lag 21,5 mill vognkilometer (skolerutene inkludert). Til å utføre denne transporten, har rutebilnæringa ca 700 tilsette i faste stillingar (460 årsverk) og i underkant av 400 vogneiningar i rutegåande transport.

Om lag 1/3 del av rutebilselskapa sine kostnader blir dekte med fylkeskommunale tilskot. (I tillegg kjem fylkeskommunen sine utgifter til skyss av elevar i vidaregåande skole som reiser med buss.) Trafikkinntektene frå vanlege reisande og elevar i grunnskolen dekkjer dei resterande 2/3 delar av kostnadene.

Fylkeskommunen har inngått incitamentsavtale med Møre og Romsdal fylkesbåtar (MRF) og busselskapa. Incitamentsavtale er ein langsiktig avtale som gir høve for forteneste for selskapa samstundes som det blir stilt krav om effektivisering av drifta.

Avtalen med busselskapa, som var 4-årig, gjekk ut år 2000. Ny avtale for neste 4-årsperiode er inngått. Den gamle avtalen inneber at avtalte kostnader skulle redusert med 2 prosent per år. Framskriving av kostnader frå år til år skjer på grunnlag av endringar i løn, rente, drivstoffpris og konsumprisindeks. Røynsleane med incitamentsavtalen er gode, men framskriving av kostnadene er komplisert, og selskapa ber ein etter måten liten del av risikoen for kostnadsutviklinga. Ruteselskapa tar ansvaret for trafikk og inntektsutvikling i avtaleperioden. I samband med det fylkeskommunale innsparingstiltaket "Omstilling 2000" vart bilrutetilbodet noko redusert i enkelte trafikksvake område, og noko styrka i enkelte trafikkt sterke område.

Incitamentsavtalen med MRF for fylkesvegferjedrifta gjeld for åra 1998-2001, og for båttrutene for åra 1998-2002. Avtalane er basert på avtalt produksjon, kostnader, inntekter og godtgjersle for 1997. Det er lagt opp til ei kostnadseffektivisering på 1 % per år. MRF har sjølv ansvaret for trafikk- og inntektsutviklinga i heile avtaleperioden, og for kostnadsutviklinga innanfor visse terskelverdiar. Kostnadene skal regulerast kvart år etter utviklinga i konsumprisindeksen, men hyrekostnadene skal regulerast med konsumprisindeksen + 1 %. Røynsleane med desse avtalane er gode. Hurtigbåtruta Molde - Vestnes - Vikebukta var på anbod i perioden 1. august 1995 - 31. juli 2000 før den vart lagt inn under incitamentsavtalen. Sommaren 2000 vart det satt inn ny hurtigbåt på strekninga. Den "gamle" vart i sin tur satt inn på strekninga Ålesund - Langevåg. Fornyninga av materiell førte til eit betre og meir komfortabelt tilbod til dei reisande, og auke i talet på passasjerar, - utan auke i tilskotstrongen.

Saman med Sør-Trøndelag fylkeskommune inngår vi årleg kjøpsavtale med Kystekspresen ANS for eit hurtigbåttilbod mellom Kristiansund og Trondheim.

Skoleskyss

Fylkeskommunen har ansvar for skoleskyss av elevar som bor lenger unna skolen enn ein viss minsteavstand, har ei funksjonshemming som gjer skoleskyss naudsynt, eller på strekningar kor transport med båt er naudsynt. Skyss av elevar i vidaregåande skole har til og med 2000 vore dekt i ein eigen avtale. Frå 2001 er skoleskyssen lagt inn under "Avtale om kjøp av rutebiltenester".

Nedlegging av fleire skoler og innsparing i ein del skoleruter har ført til turbulens rundt skoleskyssordninga i grunnskolen i 2000. Statens Utdanningskontor har handsama ein del klagesaker og vi vonar at avgjerdene

SAMLA OVERSYN

RESSURSBRUK

Netto driftsutgifter mill. kr., løpende priser	Reknsk. 2000	Budsj. 2000	Reknsk. avvik 1999	Reknsk. 1999
Samferdselsavdelinga	4.6	4.4	-0.2	4.3
Lokale bilruter	106.4	106.8	0.4	108.5
Fylkesvegferjer	23.2	22.6	-0.6	22.3
Båtruter	30.8	29.6	-1.2	28.2
Skoleskyss i vgs	40.7	41.7	1.0	41.0
Transporttenesta	11.3	11.4	0.1	11.2
Div. samferdselsformål	4.0	4.5	0.5	1.4
Sum samferdselstenester	221.1	221.1	0	217.1
Fylkesvegar	93.9	94.1	0.2	94.5
Sum total	315.0	315.2	0.2	311.7

NØKKELTAL

Passasjertal	2000	1999	1998
Passasjertal rutebilane (mill)	14.2*	14.2	13.9
Passasjertal rutebilane (mill)	191*	191	187
Passasjertal lokale båttruter (tusen)	649	668	634
Passasjertal fylkesvegferjer (tusen)	139	145	145
Brukarar av transportordninga for funksjonshemma	6 600	6 600	6 500
* Anslag for 2000			

Kostnader, rutebil	2000	1999	1998
Kostnad per vognkm, rutebil faste prisar 1998-kr	13.21	13.25	13.19
Endring i kostnad per vognkm i prosent	-0.30%	0.45 %	-0.77%

Veg	2000	1999	1998
Km fylkesveg	1 776	1 777	1 778
Km overordna fylkesvegnett	622	557	595.5
Km overordna fylkesveg med grusdekke	42	61	61
Km overordna fylkesveg, aksellast opp til 10 tonn	399	201	206

Overordna fylkesvegnett = den mest trafikerte delen av fylkesvegnettet

Løyve og løyvehavarar	2000	1999	1998
Drosjeløyve	319	322	322
Godsløyve	1 930	1 953	1 883
Turvognløyve	239	200	200
Løyvehavarar godstransport	561	579	572
Løyvehavarar turvogn	30	29	30
Løyvehavarar persontransport i rute, motorvogn	12	12	15

i desse klagesakene vil gje klårare retningslinjer for ei likeverdig sakshandsaming.

I vidaregåande skole får om lag 6 000 elevar skysstilbod eller skyssgodtgjerse for dagleg skoleskyss. Utgiftene til skyss (privatbil, drosje eller båt) for elevar som ikkje har eit kollektivtransporttilbod, viser ein aukande tendens. Det har og vist seg vanskeleg å stipulere eit beløp for skyss av funksjonshemma elevar. I avtalen med rutebilselskapa blei det for 2000 budsjettet med 1,3 mill. kroner til dette formålet. Regnskapstala viser at det blei brukt omlag 1 mill. kroner meir.

For å få eit mest mogleg likeverdig tilbod om skoleskyss, har samferdselsavdelinga arbeidd med innføring av eit GIS-system for digital måling av avstand. Systemet, som allereie no kan nyttast for måling i høve einskildelevar, vil i løpet av 2001 kunne takast i bruk for ein "automatisk" definisjon av skyssgrensene ved den enkelte skole. Det vert også arbeidd med å få til eit sams skyssreglement for alle fylkeskommunane i landet. Samferdsels sjefen vonar at dette, saman med det nye GIS-systemet, vil vere med å syte for at alle skoleelevar i Møre og Romsdal får eit mest mogleg likeverdig tilbod om skuleskyss.

Transport av funksjonshemma

Transporttenesta er eit tilbod om dør til dør transport til personar som grunna si forflyttingshemming ikkje kan eller har vesentlege vanskar med å reise kollektivt. Det er hovudsakleg drosjenæringa som utfører transporttenesta. Tenesta blir administrert av samferdselsavdelinga, men kommunane godkjenner brukarane av tenesta etter fylkeskommunale retningslinjer vedtekne av samferdselsutvalet. Talet på brukarar av transporttenesta er avgrensa til omlag 6 500 brukarar. Kommunane har venteliste for dei som ikkje har kome med.



Tilskotsramma til transporttenesta vart redusert frå 12,1 til 11,4 mill. kroner frå 1999 til 2000. Det ordinære tilbodet til kvar brukar vart likevel halde uendra på 1999 - nivå, varierende frå kr 2 160 (dei fleste brukarane) til kr 3 600. Forsøket med meir etterspurnadsorientert tildeling av reisekupongar, som vart sett i gang i 1998, blei nytta av 179 av dei 800 brukarane som kom inn under målgruppa (10 – 60 år). Forsøket vart avslutta etter fullført periode på 2 år. Ei vidareføring av ordninga vart vurdert, men da budsjettamma til transporttenesta er redusert vart det ikkje funne rom for å vidareføre ordninga.

Som ein del av fylkeskommunen sin prosess "Omstilling 2000", er det gjort framlegg om å overføre

transporttenesta for funksjonshemma til kommunane. Framlegget blei sendt til kommunane for uttale hausten 2000, og blir teke opp i samferdselsutvalet i løpet av våren 2001.

Kollektivtransportterminalar



Fylkeskommunen sitt engasjement i kollektivterminalar skal skje gjennom langsiktige avtalar med terminalhaldarar om utvikling og drift. I 2000 blei det gjennomført forhandlingar om driftsavtalar med terminalane på Hareid, ved Ytterland på Giske og i Molde. Ein reknar med at desse avtalene kjem i hamn i løpet av 2001. Gjennom støtte til utvikling og drift av terminalane, vil ein gjere bruk av kollektivtilbod enklare, meir behagelige og effektivt, noko som står opp under fylkestingsmåla for kollektivtransport.

Informasjon om kollektivtransporttilbodet

Foreininga Rutekontoret for Møre og Romsdal har hovudansvaret for samordna ruteinformasjon for ferje, buss og båt i fylket. Trafikanten Møre og Romsdal, med tilhald i Kristiansund, er utførar, og driv mellom anna ruteopplysnings-tenesta "177". I 2000 var det 190 000 som vende seg til "177". Dette er ei auka på 23 % frå 1999. Ein betre og meir effektiv ruteinformasjon står opp om alle fylkestingsmåla i høve persontransport.



Fylkesdelplan Transport Møre og Romsdal 2002-2011

Det har gjennom heile 2000 vore arbeidd med Fylkesdelplan Transport, Møre og Romsdal 2002-2011. Fylkesdelplanen skal samordne staten, fylkeskommunen og hovudtrekka i kommunane sine planar som vedkjem transportsektoren. Fylkesdelplanen skal leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Planen bygger på dei overordna målsettingane i Nasjonal transportplan (NTP). Hovudmålet i fylkesdelplanen er:

**Betre tilgjengelegheit for folk og gods
innfor tenlege rammer for trafikktrygging, miljø
og samfunnet sin ressursbruk.**

Arbeidet med planen har vore organisert i eit samarbeid mellom dei statlege transportetatane, fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen. Det er utarbeidd to rapportar; frå "Arbeidsgruppe for persontransport" og "Arbeidsgruppe for godstransport". Da framlegget til NTP vart utsett på grunn av regjeringsskiftet, vart og

arbeidet med fylkesdelplan transport utsett. Planen blei sendt til høyring i januar, og blir lagt fram for Fylkestinget i juni 2001. Høyringsutkast og arbeidsgrupperapportane er å finne på samferdselsavdelinga si heimeside; www.mr-fylke.org/samferdsej, under Planar og rapportar. Fylkestingsmåla er aktivt vidareført i strategiar og tiltak i Fylkesdelplan transport.

Kollektivtransportplan for Ålesund og Giske kommune

I eit samarbeid mellom kommunane Ålesund og Giske, Ålesund Bilruter og Møre og Romsdal fylkeskommune vart det sett i gang arbeid med ein kollektivtransportplan for nemnde kommunar. Planarbeidet har vore leia av ei styringsgruppe kor Ålesund Bilruter, drosjenæringa, kommunar, Statens vegvesen og fylkeskommunen har delteke. Møreforsking Molde har fungert som sekretariat for styringsgruppa. I 2000 har ein utvikla eit profilprogram for kollektivtransporten i Møre og Romsdal. Dette programmet er også nytta i Ålesundsprosjektet. Programmet inneheld felles logo, mal for skilting av terminalar og haldeplassar, grafisk framstilling av rutenett, rutehefte osv. Programmet skal presenterast for transportselskapa, terminaldrivarar og dei største kommunane i løpet av våren 2001. Elles har følgjande tiltak vore gjennomført i 2000:

- Haldeplassiltak i Ålesund
- Haldeplassiltak i Giske
- Utviding av kollektivtilbodet Moa - Skarbøvik
- Ruteinformasjon på internett
- Profiltiltak på haldeplassar, linjenettskart mm
- Marknadsføring

Regionalt samarbeid og internasjonalt engasjement
Samferdselsavdelinga har i 2000 vore aktiv i "Samarbeidsrådet for Vestlandet og Sørlandet" SAVOS. SAVOS har i 2000 prioritert arbeidet med

betring av Kyststamvegen, sjøtransport ut av landet og utvikling av knutepunkthamner. Vi har og delteke i ein "Vestlandsaksjon" og eit "Kystsamarbeid" der behova for utvikling av transportsystemet langs kysten er synleggjort. Innspel er sendt Stortinget sin samferdselskomité føre handsaminga av Nasjonal Transportplan.

Vi deltek og i INTERREG IIC som er eit interregionalt EU-samarbeid mellom regionar som grensar mot sjø. Det blir spesielt arbeid med utvikling av transportkorridor i Nordsjøen og utvikling av eitt knutepunkt i fylket for eksport.

Møre og Romsdal fylkeskommune er med i "Nordisk Transportpolitisk Nettverk". Medlemar er alle fylkeskommunane langs kysten frå Vestfold til Trøndelag, amta på Jylland i Danmark og vestkysten i Sverige. Nettverket har utarbeidd 6 rapportar som syner viktige utfordringar for desse kystregionane. Desse kan du finne på; www.ntn.dk. Det er og etablert eit forskar-nettverk mellom høgskolar frå dei tre landa.

Aktiv deltaking i desse samarbeidstiltaka vil på sikt være med på å styrke næringslivet i fylket si konkurransevne og på den måten støtte det aktuelle fylkestingsmålet.

Diverse

I 2000 vart det vedteke at kommunane Ålesund, Giske og Sula innan år 2002 skal skipe ein felles drosjesentral. Kommunane har i dag eit utvida drosjesamarbeid.

Samferdselsavdelinga har ein avtale med Høgskolen i Molde om hospitering av elevar frå transportøkonomistudiet. Frå januar til juni 2000 hadde vi Katrin Golka som hospitant. Ved sida av ei innføring i utviklings- og driftsoppgåver innan samferdselssektoren, utarbeide ho også ei obligatorisk oppgåve som omhandla: "Taktspolitikken for kollektivtransport – sammenligning mellom Norge og Tyskland".



Nærings- og miljøavdelinga

Fylkeskommunen sitt ansvar for den regionale utviklinga i fylket blir utøvd på mange måtar, både gjennom overordna planlegging, fylkeskommunen sin eigen tenesteproduksjon og gjennom verksemder retta mot nyetablerarar, næringsliv og kommunar. Dette omfattar m.a. rådgjeving, rettleiing og ulike tilskotsordningar både i høve til kommunalt plan- og tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar og omfattande tenester overfor næringslivet i form av tilrettelegging, rådgjeving og finansiering. Nærings- og miljøutvalet har det politiske sektoransvar, med nærings- og miljøavdelinga som administrativt organ.



Illustrasjonen syner omslaget på eit av marknadsføringsstiltaka for «Ormen til Møre-prosjektet» i regi av Nærings- og Miljøavdelinga

Fylkesplanen (FP) og Strategisk Næringsplan (SNP) er nærings- og miljøavdelinga sine fremste styringsverktøy. Strategiane i SNP 1997-2000 - omstilling, nyskaping, kompetanse og infrastruktur - skal vere gjennomgåande for avdelinga sine innsatsområde og økonomiske disposisjonar. Regionalt utviklingsprogram (RUP) er det årlege handlingsprogrammet for oppfølging av Strategisk Næringsplan og regjeringa si Utkantsatsing. Måla for avdelinga er nedfelt i desse planane og dei 7 fylkestingsmåla er derfor nært kopla til iverksetting av SNP og FP.

Nærings- og miljøavdelinga har hatt sekretariatsansvaret for fylkesdelplan for strand- og kystsona som vart endeleg vedteke i fylkestinget i desember 2000 og for fylkesdelplan for inngrepssvarte naturområde som vart vedteke av fylkestinget i april 2000. Arbeidet med rulling av Strategisk Næringsplan vart igangsatt i 2000.

FYLKESTINGMÅL 2000 VEDTATT I SAK T-33/99

Infrastruktur -kommuneplanrettleiing.

MÅL 1

Nærings- og miljøavdelinga skal medverke til at alle kommunane til ei kvar tid har ein best mogleg oppdatert kommuneplan, for såleis å sikre ein planberedskap som grunnlag for ei god kommunal utvikling basert på effektiv saksbehandling.

Resultat:

AREALDELEN

37 av 38 kommunar i fylket har vedteke arealdelen av kommuneplanen. Relativt få av kommunane har rullert planane i kvar valperiode, slik plan- og bygningslova foreskriv. Dette har ført til at ein del kommuneplanar etterkvart er blitt "forelda", i den forstand at dei ikkje fangar opp nye statlege/regionale signal og heller ikkje lokale behov som har dukka opp etter planvedtaket. Dette svekkar planane både som styringsverktøy for kommunal utvikling og som grunnlag for effektiv saksbehandling.

KYSTSONEPLANAR

Ein del kommunar har utarbeidd kystsonoplanar, men det har vore liten aktivitet på dette området siste året. Det er mykje som tyder på ei auka satsing på oppdrettsektoren i tida som kjem. Dette vil ha som konsekvens at kommunane i større grad enn til no må arbeide med planavklaringar knytt til sine sjøområde.

SAMFUNNSDELEN

Det er fortsatt mange kommunar i fylket som ikkje har utarbeidd samfunnsdelen av kommuneplanen (denne delen av kommuneplanen er nedprioritert i høve til arealdelen). Årsakene til dette kan vere mange, men uansett årsak er dette ein mangel som også påverkar kvaliteten på arealdelen.

MÅL 2

Nærings- og miljøavdelinga skal aktivt medverke til betring av estetisk og funksjonell kvalitet i tettstadane i fylket, slik at satsinga blir integrert med lokale og regi-

onale tiltak for næringsutvikling. Nærings- og miljøavdelinga skal, gjennom fagleg og finansiell innsats på området, sikre at minimum 5 nye kommunesentra blir trekt inn i arbeidet kvart år.

Resultat:

I dei seks åra som har gått sidan oppstart av tettstadprogrammet i Møre og Romsdal, har ein stor del av kommunane i fylket vorte trekt inn i arbeidet med betring av estetisk og funksjonell kvalitet i sine kommunesenter. Avdelinga har såleis det siste året ikkje arbeidd aktivt for å trekkje med nye kommunar. Arbeidsinnsatsen har heller vorte konsentrert mot igangsette prosessar, og ei rekkje kommunar har nytta avdelinga si kompetansesøtte i sine prosjekt. Fylkestingsmålet om å trekkje med minimum 5 nye kommunesenter kvart år synest no korkje å vere ei formålstenleg prioritering av ressursar eller eit realistisk mål. Nye kommunesenter kan likevel trekkjast med når situasjonen ligg til rette for det lokalt; til dømes har Sandøy teke eit slikt initiativ i dette året.

Aukra har i 2000 gjennomført sentralt torgareal og uteområde i tilknytning til nytt rådhus på Falkhytten. Som venta har den økonomiske innsatsen auka vesentleg det siste året. Sande, Herøy, Hareid, Stordal, Sykkylven, Rauma og Rindal har alle fått finansiell støtte, i første rekkje til gjennomføring av tiltak i sentrum. Tilskot på i alt om lag 4,6 mill.kr. har utløyst samla offentlege og private investeringar på 14-15 mill.kr. og heng saman med statlege og private utbyggingsprosjekt på fleire gongar dette beløpet. Med den aktiviteten vi registrerar kring i kommunane no, må vi vente tilsvarende interesse dei næraste åra.

Vi har sett eit behov for å knyte betre kontakt mellom miljø som tradisjonelt har vore knytta til fysisk tilrettelegging og kulturområdet i den vidare satsinga på meir attraktive stader. Det vil bli ei utfordring framover ikkje minst å trekkje ungdom meir aktivt med i prosessane. Nærings- og miljøavdelinga har hausten 2000 arrangert ein fylkeskonferanse med tema "Senterstruktur – kultur og ungdom" som eit ledd i Tettstadforum sin serie av årlege samlingar.

MÅL 3

Nærings- og miljøavdelinga skal medverke til å sikre ei effektiv utbygging og drift av vassforsynings- og avløpsanlegg i kommunane. Gjennom erfaringsutveksling og samarbeid, fagleg oppdatering og bruk av ny teknologi.

- medverke til at alle vassverk som forsyner eksportretta næringsmiddelindustri med vatn skal vere godkjende innan utgangen av år 2001.
- medverke til at opprydding i avløpssektoren er gjennomført og at planlegging, drift og vedlikehald av avløpsanlegg skjer på ein forsvarleg måte innan utgangen av år 2001.

**Resultat:
VASSFORSYNING.**

Det er i Møre og Romsdal 60 offentlege vassverk som leverer vatn til næringsmiddelverksemdar. Berre 7 verksemdar får vatn frå eige vassverk.

Det er utarbeidd ei samla oversikt over kor mange av vassverka som er endeleg godkjent etter drikkevassforskrifta. Ei endeleg godkjenning blir gitt etter at vassverka har bygt behandlingsanlegg, og har teke i bruk driftsrutinar og system for internkontroll og beredskap som garanti for sikker vassleveranse både med omsyn til kvantitet og kvalitet. Svært mange vassverk har bygt behandlingsanlegg dei seinare åra, og arbeider aktivt med å innføre tilfredsstillande driftsrutinar.




Fig. 1 Status for kommunale vassverk i høve til hovudgodkjenning




Fig. 2 Status for private vassverk i høve til hovudgodkjenning

I 2000 var det berre eit vassverk som leverte udesinfisert overflatevatn til næringsmiddelverksemdar. I tillegg får 7 verksemdar vatn frå grunnvasskjelder, der det ikkje er krav om permanent desinfeksjon.




Fig.3 Næringsmiddelverksamheter som nytta desinfisert overflatevatn/grunnvatn i perioden 1992-2000

Avløp.

Kommunane har i hovudsak oppfylt den statlege målsetjinga om full opprydding på kloakksektoren innan år 2001. For større kloakkutslipp til vassdrag og sårbare sjøresipientar er det bygt høggradige reinseanlegg, eller utslappa er sanert og overført til utslipp til gode sjøresipientar med krav om bygging av sil eller slamavskiljar.

Ifølge kommunale hovudplanar for avløp skal det totalt byggjast ca. 60 silanlegg eller større slamavskiljarar for dei største utslappa til sjøresipientane. Av desse er ca. 40 anlegg i drift, medan dei resterande i all hovudsak vil bli bygt ut i løpet av år 2001/2002.

I mange kommunar er det elles nødvendig å rydde opp i avløpsforholda i spreiddbygde område, og det er også behov for å sanere ei rekkje mindre sjøutslepp ved bygging av slamavskiljarar eller overføring til hovudutslipp.

Nærings- og miljøavdelinga sitt engasjement innafør vass- og avløpssektoren er knytta til finansiering av utbygging av vassverk og avdelinga sin funksjon som sekretariat for Driftsassistansen for vatn og avløp.

ENERGI

MÅL 4

Nærings- og miljøavdelinga skal i planperioden medverke til å auka bruken av gass som råstoff til næringsutvikling i fylket.

- Medverke til å styrke Kristiansund som lokaliseringsstad for base- og driftsfunksjonar knytt til petroleumsaktiviteten.
- Medverke til å utvikle og iverksetje ein fylkeskommunal energipolitikk, som omfattar både elkraft, gass og alternative energikjelder.

- Medverke til auka bevisstgjerjing om bruk av Enøk-tiltak.

Resultat:

Nærings- og miljøavdelinga har i perioden samarbeidd med Aure kommune og MultiEnergi for å leggje til rette for auka bruk av gass i næringslivet. Arbeidet er ikkje lett, men Møre og Romsdal er det største naturgassfylket i Norge. Mellom anna har gassferga "Glutra" synt at gass er eit godt alternativ for bruk i samferdselssektoren.

Nærings- og miljøavdelinga har vore medarrangør for fleire aktivitetar knytt til drifts- og basemiljøa i Kristiansund. Spesielt bør nemnast oljemessa Offshore Northern Seas (ONS) – 2000 i Stavanger i august, og Petropolen, ein månadleg møtestad for oljeindustrien i Møre og Romsdal. På oppdrag frå fylkeskommunen har Asplan analysert ringverknadane frå olje- og gassverksemda i Norskehavet.

I prosjektet "Ormen til Møre" er det lagt ned eit stort arbeid både overfor aktuelle ilandføringskommunar og operatørane for Ormen Lange-feltet. Når det gjeld politisk påverknad er måla for 2000 på mange måtar nådd. Arbeidet vil fortsette i 2001. Moglegheitene for ilandføring til Møre og Romsdal er i dag betre enn for eitt år sidan, men det vil fortsatt krevje eit stort engasjement frå avdelinga si side for å nå dette målet.

I desember 2000 sette nærings- og miljøavdelinga i gang eit forprosjekt for kartlegging av energibruk og enøkpotensiale for heile fylket.

FISKERI OG RESSURSFORVALTNING

MÅL 5

Nærings- og miljøavdelinga skal arbeide for å betre rammevilkåra for fiskerinæringa i Møre og Romsdal på følgjande område:

- Flåtefornyng og finansieringsordningar
- Ressursforvaltninga i havet
- Tryggleik til sjøs

Resultat:

Nærings- og miljøavdelinga har hatt ein aktiv innsats for å betre rammevilkåra for fiskerinæringa gjennom politiske fråsegner og informasjon til sentrale styresmakter. Fylkeskommunen har gjeve innspel om nasjonal og internasjonal ressursforvaltning, kvotefordeling, flåtefornyng, ressurskontroll, geografiske prioriteringar og rekruttering.

Lågare fiskekvotar gir utfordringar i forhold til auka ressursutnytting og verdiskaping – m.a. korleis utnytte bifangst og avfallsprodukt, og korleis utnytte nye marine artar. For å leggje til rette for å utnytte dette potensialet har avdelinga engasjert seg i forskingsprosjekt og oppbygging av kompetansen til Møreforskning Ålesund på dette området.

Potensialet for auka verdiskaping innan havbruk er svært stort. Vi er berre i startfasen i høve til oppdrett av nye artar. Vilje til langsiktig satsing og tung forskings- og utviklingsinnsats må ligge i botnen dersom dette

potensialet skal kunne realiserast. Nærings- og miljøavdelinga har derfor arbeidd både for å styrke det havbruksretta FOU-arbeidet i fylket, og innanfor skjeloppdrett å styrke det aktive formidlings- og rettleiingsarbeidet til oppdrettarane.

Nærings- og miljøavdelinga inviterte bedrifter, kommunar og organisasjonar til felles stand ved Nor-Fishing 2000. Åtte kommunar med bedrifter deltok på fellesstanden. Standen var godt besøkt, og vi hadde m.a. også møte med fiskeriministeren i spissen for ein marokkansk parlamentarikardelegasjon.

NYETABLERING OG NYSKAPING

MÅL 6

Nærings- og miljøavdelinga skal leggje til rette for nyetablering, og for omstilling og nyskaping i små og mellomstore bedrifter gjennom tiltak basert på behov hos nyetablerarar og i regionalt næringsliv. Avdelinga skal medverke til å auke samarbeidet mellom bedrifter og FOU-miljø i og utanfor fylket.

Medverke til kompetanseutvikling og rekruttering betre tilpassa regionalt næringsliv

Utvikle eit næringsretta pilotprosjekt årleg.

Gjennom etableraropplæring og etableraroppfølging medverke til fleire og betre nyetableringar.

Resultat:

Medverke til kompetanseutvikling og rekruttering betre tilpassa regionalt næringsliv:

Næringsstrukturen i Møre og Romsdal er prega av mange små bedrifter med små ressursar til å drive eige forskings- og utviklingsarbeid. Auka tempo og hardare konkurranse gjer at produkta sin livssyklus blir kortare – og tilseier at raskare og meir systematisk innovasjonsarbeid er nødvendig. Gjennom pilotprosjektet "Innovasjon Møre" – som vart iverksett i 2000 i eit samarbeid mellom SND, Noregs Forskningsråd og nærings- og miljøavdelinga – er målet å styrke det systematiske innovasjonsarbeidet i bedriftene, forskingsformidlinga, samt relevans og samarbeid mellom forskings- og utdanningsinstitusjonane og næringslivet. Prosjektet fokuserer den marine-maritime næringsklynga.

Dei to kunnskapsparkane som er etablert i fylket i løpet av året er viktige element i arbeidet med å styrke kontakt og kommersiell utnytting av forskings- og utviklingsarbeid, og aktivt bistå kompetanseintensive nyetableringar. Nærings- og miljøavdelinga har medverka både til etablering av kunnskapsparkane og to næringshagar i løpet av året.

Nærings- og miljøavdelinga har også medverka til iverksetting og finansiering av fleire prosjekt for å styrke samarbeidet mellom næringsliv og skole, og medverke til meir bevisste utdanningsval – iverksett i kommunar og gjennom utdanningsavdeling i fylkeskommunen.

Utvikle eit næringsretta pilotprosjekt årleg:

Pilotprosjektet "Innovasjon Møre" er iverksett i 2000, kfr. omtale over.

Avdelinga har vidareført samarbeidet med Sintef Unimed/InnoMed om å medvirke til næringsutvikling

med fokus på helse- og omsorgssektoren som marknad. Etablering av møteplassar er viktig. Søkekonferansen på Åndalsnes i januar var eit døme på dette, der fleire produkt- og tenesteforslag vart diskutert og vurdert. Oppfølging av initiativa frå konferansen har vore prioritert arbeid i 2000.

Design og produktutviklingsarbeid står sentralt i utvikling av identitet og konkurransekraft i næringslivet. Avdelinga har støtta og/eller initiert tiltak for å mobilisere til auka satsing på dette.

Gjennom etableraropplæring og etableraroppfølging medverke til fleire og betre nyetableringar

Arbeidsdelinga med SND er slik at SND forvaltar stipendordninga til enkeltetablerarar, medan nærings- og miljøavdelinga har ansvar for fellestiltak knytt til etableraropplæring og etableraroppfølging – vi har her eit nært samarbeid med fylkesmannens landbruksavdeling.

I 2000 vart det arrangert tre Etablerarskolar med til saman 54 deltakarar.

I 1999 gjennomførte avdelinga i samarbeid med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen ei større undersøking av personar som har fått stipend anten frå SND eller BU-fondet og deltakarar på Etablerarskolen i perioden 1994 – 1997. Undersøkinga avdekkte ulike behov for oppfølging hos etablerarane. Det er i 2000 skreddarsydd eit eige oppfølgingsprogram for denne målgruppa.

Når det gjeld subsidiert rådgjeving til nyetablerarar har avdelinga i 2000 etablert ein ny modell. Det er innført eigenandel for etablerarane, og tenesta er spreidd på fire konsultentselskap. Dette inneber at tenesta er kompetansemessig breiare og geografisk lettare tilgjengeleg for etableraren.

INTERNASJONALISERING OG INTERREGIONALISERING

MÅL 7

Nærings- og miljøavdelinga skal fremje tilrettelegging for næringsutvikling i fylket ved interregionalt og internasjonalt samarbeid - gjennom SAVOS og EØS-tilgjengelege EU-program.

Resultat:

SAVOS-SAMARBEIDET

Gjennom samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet (SAVOS) har fylkeskommunen arbeidd for å systematisere og fremme området sine felles interesser nasjonalt og internasjonalt. Faggruppa for næringsliv, energi og naturressursar har vore leia frå Møre og Romsdal. Det er utarbeidd ein rapport om moglege leveransar til vindkraftindustrien, og det har vore sett fokus på bruk av norsk naturgass, endringar i sysselsettjing innafor petroleumsverksemda og breibandutbygging. Ei ny nettverksgruppe er etablert i SAVOS for å tilrettelegge felles internasjonalt retta arbeid.

Næringslivssamarbeid med Tsjekkia

Med ei målsetting om å etablere kontakt og grunnlag

for næringslivssamarbeid med Tsjekkia, vart det i 2000 arrangert ein industrikonferanse. Alle dei åtte bedriftene frå fylket som deltok har i ettertid arbeidd vidare med forskjellige engasjement i Tsjekkia. Landet ligg sentralt i Europa, har høg industristandard og lågt kostnadsnivå. Næringslivssamarbeidet er ei oppfølging av eit samarbeid fylkeskommunen, Kommunenes Sentralforbund og Molde kommune har hatt med Usti regionen sidan 1993. Dette arbeidet har skapt eit solid fundament for vidare samarbeid innafør næringslivssektoren.

Internettjeneste for næringslivet

For å følge opp oppgåver innanfor informasjon- og kontaktformidling har fylkeskommunen valt å knyte seg til eit tilbod om internettjeneste frå Norges Eksportråd. Målet er å gjere tilgjengelege for bedriftene i fylket nasjonale og internasjonale forretningsføre-spurnader som dagleg kjem til Norge sine ambassader, Eksportrådet sine utekontor og andre internasjonale kontakter. Tenesta er kalla "The Trade Link" og ligg på www.nortrade.com. Nortrade er eit etablert marknadsføringsverktøy for norske bedrifter i utlandet.

Deltaking i Nordsjøkommisjonen og Leonardo-prosjekt

Gjennom deltaking i fiskerigruppa i Nordsjøregionen arbeider nærings- og miljøavdelinga for å fremme fylket sine interesser innan fiskeria i Nordsjøen.

EUROMAT er eit rekrutterings- og opplæringsprogram for fiskerinæringa, delfinansiert gjennom EU's Leonardo-program. Nærings- og miljøavdelinga samarbeider i dette prosjektet med Fiskerinæringas Felles Kompetansestyre og dei andre kystfylka om utplassering av ungdomar i Storbritannia, Spania og Portugal – og om utvikling av marknadsretta opplæringsmodular. Møre og Romsdal har hatt stor uttelling i prosjektet, i form av mange utplasseringar og at ungdomane har halde fram med vidare utdanning/karriere i næringa.

ØKONOMISKE VERKEMIDLAR


Til drift av nærings- og miljøavdelinga var det i budsjettet avsett kr. 15.972.000. Reknesksapen syner eit forbruk på kr. 12.928.000. Mindreforbruket skuldast i hovudsak vakansar.

Avdelinga disponerte i 2000 ca. kr. 17.550.000 til dei ulike satsingsområda. Av desse kom om lag 13,5 mill frå Kap.551, post 51-Tilrettelegging for næringsutvikling. Kr. 750.000 frå Kap. 551.60 – Utkantsatsing, kr.


1.109.000 frå Kap.551.55-Etablerarstipend, der kr. 650.000 var frå årets bevilgning og resten var midlar som sto att frå tidligare år.

Frå fylkeskommunens tiltaksfond vart det bevilga om lag kr. 2.130.000. Korleis desse midlane vart nytta i høve til dei 5 satsingsområda i Strategisk næringsplan går fram av fig. 4 og 5.

Bruken av statlege midlar og tiltaksfondet etter satsingsområde



Tal innvilga prosjekt i dei ulike satsingsområda



Kroner:	SUM	Kap.551.51	Kap.550.60	Kap.551.55	Tiltaksf.
Omstilling	2 675 000	2 550 000			125 000
Nyskaping	2 219 160	926 560		950 300	342 300
Kompetanse og rekruttering	1 543 077	850 000			693 077
Infrastruktur, fysiske inv. og reiseliv	10 143 278	9 234 000			909 278
Utkantsatsing,	810 000		750 000		60 000
	17 390 515	13 560 560	750 000	950 300	2 129 655

Administrasjons- avdelinga

Administrasjonsavdelinga har ulike driftsfunksjonar i stab hos fylkesrådmannen og er samansett av følgjande seksjonar:

- administrativ seksjon
- byggje- og vedlikehaldsseksjonen
- informasjonsseksjonen
- innkjøpsseksjonen
- IT-seksjonen
- personalseksjonen



Generelt har arbeidet i 2000 vore prega av Omstilling 2000, der ein m.a. anna reduserte stillingstalet med 4 stillingar, slik at avdelinga har 37,5 faste stillingsheimlar ved årsskiftet.

ADMINISTRATIV SEKSJON

yter sekretærfunksjonar til politisk og administrativ leiding og til stabsavdelingane, og er sekretariat for fylkesting, fylkesutval, eldreråd og likestillingsutval. I tillegg har seksjonen arbeid med rekningsstilvising, budsjett og rekneskapsrapportering for sentrale styringsorgan, og dessutan arkivansvar for heile fylkeskommunen.

Det er i 2000 avvikla 5 fylkestingssamlingar og 22 fylkesutvalsmøte, derav 6 møte under fylkestingssamlingar.

Det var eit mål å innføre eit elektronisk sak/arkivsystem og eit felles arkiv for sentraladministrasjonen i løpet av 2000-2001. Arbeidet med innhenting av tilbod og val av system vart sett i gang, og vil bli fullført i løpet av våren 2001, slik at systemet kan vere i full drift frå årsskiftet 2001-2002.

BYGGJE- OG VEDLIKEHALDSEKSJONEN

Bemanninga har vore stabil dette året med unntak av nokre lange sjukmeldingar og overgang til deltidspensjon (AFP). Kapasiteten internt er generelt for låg, slik at vi for ein stor del må leige inn ekstern konsulenthjelp.

År 2000 har på mange måtar vore eit unntaksår grunna prosjekt "Omstilling 2000". Det har m.a. medført at større byggjeprojekt har stoppa opp, og i staden har vi utført større registrerings- og utgreiingsoppgåver.

Vi har og dette året slitt med å få vedlikehaldsmidlane rett fordelt mellom dei forskjellige verksemdene i byg-

ningsmassen med totalt ca 440.000 m² golvflate. Løyvingane strekk ikkje til, og det kjem framleis pålegg frå Arbeidstilsyn og andre offentlege styremakter. Vernetenesta har skjerpa merksemda mot innklima, og her har vi stadig store uløyste oppgåver. For å få betre oversikt arbeider vi med å få i gang det innkjøpte edb-baserte forvaltningssystemet.

Reinholdsplanleggjaren har dette året fulgt opp planane ved Fylkessjukeshuset i Kristiansund foruten arbeid med nye prosjekt i utdanningssektoren.

Elektrisk energi blir kjøpt etter avtale med Istad Kraft A/S. For å redusere energibruken, har vi planlagt eit "Enøk-nettverk" der ein stor del av verksemdene skal ta del. Det skal først og fremst gjere personalet merksam på sparepotensiale, saman med grundig opplæring.

Aktiviteten med nybygg/tilbygg på helsesektoren har vore relativt normal, og prosjekta har i hovudsak gått etter planen. Av større prosjekt under planleggjing kan nemnast ny stråleterapieining ved sentralsjukehuset og "Samla plan" i Molde. Det siste skal danne grunnlag for utbygging av nytt felles sjukehus for somatikk og psykiatri på Lundavang i Molde. Vidare fleire mindre prosjekt - kanskje spesielt retta mot psykiatri.

I utdanningssektoren har ein dette året hatt ein stor strukturdebatt, der vi har vore sterkt engasjert med utgreiingar. Ein del konkrete byggjeprojekt har vorte endra eller stoppa opp slik at det har vore lite av konkret bygging. Større prosjekt som vi i særleg grad er knytta opp mot, gjeld Ulstein/Herøy, Volda/Ørsta, Ålesund, Molde og Kristiansund. Det er her ein ser for seg vekst i elevmassen, og bygningsmassen må tilpassast dette.

INFORMASJONSSEKSJONEN

i administrasjonsavdelinga består av annonsetenesta, grafisk teneste og biblioteket i Fylkeshuset.

Annonsearbeidet er sett vekk til byrå etter fellesavtale i samarbeid med fylkeskommunane nord for vårt fylke. Annonsesekretæren er derfor overført til grafisk teneste.

INNKJØPSSEKSJONEN

Fylkestingsmål for innkjøpsseksjonen er at fylkeskommunen skal oppnå ei monaleg innsparing ved betre koordinering av innkjøp, og innan 2000 ha etablert eit IT-verktøy som gjev ei fornybar oversikt over kor mykje som blir kjøpt inn, samla og fordelt innanfor dei einskilde produktområda. Verktøyet skal vere slik at registreringsarbeidet kan gjerast desentralt i den einskilde verksemda. Verktøyet skal gje input av data til fylkeskommunen sitt rekneskap-/økonomistyringssystem slik at ein m.a. kan få betre informasjon til likviditetsstyringa.

I 2000 valde vi leverandør av innkjøpssystem til dei fylkeskommunale verksemdene. Valet fall på det internasjonalt kjende systemet Navision Financials med NaviPartner AS som leverandør. Vurdering og val tok lengre tid enn føresett, men vi er no godt i gang med forprosjekt saman med leverandøren for å analysere og evt. endre dei aktuelle arbeidsprosessane som systemet vil vere verktøy for. Planen er å implementere systemet i sjukehusa først – eitt sjukehus i gongen – slik at alle sjukehusa har det nye systemet i bruk i løpet av 2001. For dei øvrige fylkeskommunale verksemdene vil prosessen starte i 2002.

For økonomiplanperioden er det, med bakgrunn i innføring av fellesavtalar, budsjettet med ein kostnadsreduksjon på innkjøpspostar på 16 mill kr årleg sett i høve til rekneskapsåret 1995. Ei evaluering som vart lagt fram for fylkesutvalet i møte 03.11.98 konkluderte med at resultatet ser ut til å bli 17,6 mill kr årleg i denne økonomiplanperioden.

Vi har også i 2000 valt å dele arbeidet vårt i 2 hovudområde:

1. Anbods-/avtalearbeid

Vi har i 2000 totalt gjennomført 13 anbodskonkurransar mot 17 i 1999. Innkjøpsseksjonen har også i 2000 teke del i det regionale innkjøpssamarbeidet med dei 5 fylkeskommunane nord for oss (Fylkeskommunene Nord). Det er gjennomført 4 regionale anbodskonkurransar i 2000. Vi er også med i innkjøpssamarbeidet L I S for kjøp av legemiddel etc. Vi har ikkje innkjøpssamarbeid med kommunar i fylket.

2. Arbeid med innkjøpsprosessen

Transaksjonskostnadene i samband med innkjøp av varer og tenester er etter måten store, og vi ser store økonomiske og ressursmessige potensiale i å forenkle desse arbeidsprosessane. Som nemnd i fjorårets årsrapport ser vi på innføring av innkjøpssystemet og arbeidet rundt dette som eit viktig bidrag i denne samanhengen. Vi har derfor i 2000 sett av ca 1,5 årsverk til å arbeide med dette prosjektet.

IT-SEKSJONEN

I løpet av dei par-tre siste åra har IT-seksjonen fått utvida sitt ansvarsområde frå berre sentraladministrasjonen til heile fylkeskommunen. Grunnen til dette er at IT-

infrastrukturen i fylkeskommunen er basert på fylkesnettet. Det går langt fleire tenester enn før over nettet, og tryggleikskrav frå m.a. Datatilsynet gjev oss nye utfordringar og oppgåver. Vårt mål om å ferdigstille fylkesnettet til alle fylkeskommunale institusjonar i år 2000 vart nådd i januar 2001. Grunnen til at dette tok lenger tid enn planlagt, var omlegging til ny barrierestruktur og ein del problem med ISDN-sentralane hos leverandøren. I tillegg har IT-seksjonen no svært mange oppgåver i høve til bemanninga.

I 2000 vart det bygd ut breiband til 12 vidaregåande skolar. Ein tredjedel av dei vidaregåande skolane har dermed breiband-samband med sentraladministrasjonen. Det vart etablert felles internett-utgang som også omfattar elevnetta via ein dedikert brannmur. Systema for inntak og fagopplæring vart slått saman til eit system, og det skoleadministrative systemet IST vart teke i bruk for fullt på alle skolane. Det kom ny versjon av IST i oktober, denne versjonen skapte ein del driftsproblem rundt dette systemet.

I år 2000 vart vi knytta opp mot Midt Norsk Helsenett (MNH). IT-seksjonen sin ressursperson på helsesida har leia prosessen med å innføre nye elektronisk pasientjournal-system. Dette er gjort i samarbeid med Trøndelags-fylka. IT-seksjonen har også vore sterkt involvert i implementeringa og utbygginga av personalressursstyringssystemet PRS.

Tannklinikkane har vore prioritert lågast hittil når det gjeld utbygging av fylkesnettet. Grunnen er at det er mindre kritiske tenester som går over nettet innan denne sektoren. Dette synest no å vere i ferd med å snu, og tannklinikkane blir stadig meir avhengig av tenester dei får over nettet. Dette vil særleg gjelde når ein etablerer eit felles tannlegesystem for fylkeskommunen.

Serverparken i sentraladministrasjonen vart kraftig utvida også i år 2000, ettersom stadig nye system blir teke i bruk. På grunn av ei mangedobling av lagringsbehovet kvart år, installerte vi eit nytt sikkerhetskopierings-system. Omlegging til ny tryggleiks- og barrierestruktur har kravd mykje ressursar i IT-seksjonen siste halvåret i 2000. Alle endringane har ført til periodar med ustabilitet, vi vonar dette blir stabilisert fullt ut i 2001.

Det sentrale opplæringstilbodet er utvida med stadig fleire kursmodular som er skreddarsydd til verksemdene i fylkeskommunen sine behov. Ein del av kurstillboda blir gjevne lokalt på Nordmøre og Sunnmøre. Ordninga med heime-pc står også sentralt i strategien for IT-opplæringa, det vart gjennomført ein ny runde med heime-pc sommaren 2000.

IT-mål for 2001:

MRFK må få etablert ei organisering og nok personalressursar til å kunne yte den IT-tjenesten som er forventet i organisasjonen.

- MRFK må kunne dra meir nytte av breibandsnetta
- MRFK må kunne dra rasjonaliseringseffektar ut av e-handel og e-fakturering. Endeleg godkjenning frå Datatilsynet i 2001.

PERSONALSEKSJONEN

Behovet for å redusere driftsutgiftene og effektivisere fylkeskommunen som organisasjon og tenesteproducent gjennom "Omstilling 2000", har sett dagsorden for dei personalpolitiske og arbeidsmiljømessige utfordringane i 2000. Fylkeskommunane er inne i omstillingsprosessar som etter kvart får store verknader for alle tilsette. Framtida er usikker med omsyn til kven som blir arbeidsgjevar og kva for verknad dette vil ha for den enkelte. Arbeidet med å synleggjere og implementere verktyø som kan fungere som støtte for aktørane i omstillingsprosessar, m.a. når det gjeld rettleiing i korleis ein planlegg, styrer og kvalitetssikrar omstillingsprosessane, vil halde fram. Det blir viktig at omstillingane blir gjennomført slik at fylkeskommunen står fram som ein god arbeidsgjevar ved framtidig rekruttering.

Fylkeskommunen treng kvalifiserte og motiverte medarbeidarar og er avhengig av å etablere eit godt rykte som arbeidsgjevar. I ei tid med større mangel på arbeidskraft må personalpolitiske innsatsområde ta utgangspunkt i at medarbeidarane har behov og føresetnader som endrar seg med ulike livsfasar. I 2000 har personalseksjonen m.a. utarbeidd handlingsplan for livsløpsorientert personalpolitikk. Fleksibilitet, utviklingsmoglegheiter i eit stimulerande fagmiljø og eit godt arbeidsmiljø blir viktige personalpolitiske innsatsområde i tida framover.

Det er igangsett arbeid med å tilpasse fylkeskommunen sine retningslinjer for kompetanseutvikling og opplæringsplanlegging som rammeverk for å møte utfordringane i EVU-reforma. Framover er utfordringa knytt til analyse av framtidig kompetansebehov bygd på verksemda sine mål, oppgåver og stillingsplan.

Leiarutviklingsprogrammet er fulgt opp i år 2000 i tråd med sektorovergripande opplæringsplan, og skal vidareutviklast som arena for kommunikasjon og utvikling av leiarskap i fylkeskommunen.

Det er gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette både på kommunalt og statleg avtaleområde. Arbeidet med ein lønspolitisk strategi for fylkeskommunen er starta opp.

Detaljar i høve aktivitetar i 2000 og mål for personalområdet er lagt ut på personalseksjonen si heimeside <http://www.mr-fylke.org/personal>

JURIDISK AVDELING

Juridisk avdeling har rådgivings- og sakshandsamingsansvaret i høve juridiske spørsmål og problemstillingar knytt til heile fylkeskommunen si verksemd. I tillegg bidreg avdelinga i opplærings-samanheng.

SAMFUNNSKONTAKT


Samfunnskontakt hjelper avdelingane, etatane og institusjonane i informasjonsrelaterte saker, både innan strategi og produksjon. Samfunnskontakt gir ut internavisa NettNo til alle tilsette, samt tilretteleggjer -og skreddarsyr informasjon til media. Eit viktig ledd i den eksternretta informasjonen er å sørge for og oppdatere og vidareutvikle fylkeskommunen sine internett-sider (mr-fylke.org)

FYLKESPLANEN

Fylkesplanen er ein plan for utviklinga i Møre og Romsdal.

I desember vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal fylkesplan for 2001-2004, med følgjande innsatsområde:

- Livskvalitet og bærekraftig utvikling
- Barn og unge sine oppvekstmiljø
- Fornying av offentleg sektor
- Robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Bærekraftig arealforvaltning
- Omstilling og nyskaping i næringslivet
- Kompetanse og rekruttering
- Regional miljøpolitikk – energi og forbruk



Fylkesplanen har vorte utvikla i eit nært samarbeid mellom fylkeskommunale etatar, regional statsforvaltning og representantar frå kommunane. Ei samordningsgruppe samansett av ass. fylkesrådmann, fylkesmannen, rådmannen i Ørsta og rådmannen i Tingvoll har leia planarbeidet administrativt.

Arbeidet har vore koordinert med utarbeiding av fylkesdelplanane: Kultur 2000, Strategisk næringsplan, fylkesdelplan for transport, og regional helseplan.

Arbeidet med å tilretteleggje iverksettinga av fylkesplanen har starta, og vi arbeider for at dette skal skje i eit forpliktande partnerskap mellom dei same aktørane som har utvikla planen.

Rekneskap

RESULTATREKNESKAPEN

Rekneskapen for Møre og Romsdal fylkeskommune for år 2000 blir lagt fram etter rammeområde.

År 2000 syner eit netto driftsoverskot på 12,9 mill. kroner mot eit budsjettert overskot på 2,8 mill. kroner. 2000 - resultatet er ei forbetring på 47,0 mill. kroner målt mot det nominelle resultatet for 1999.

Driftsrekneskapen er saldert ved at ein har sett av netto 12,4 mill. kroner til disposisjonsfond og overført 9,1 mill. kroner til investeringsrekneskapen samt brukt 8,6 mill. kroner av bundne fond.

I perioden 1992 – 2000 har fylkeskommunen hatt tilgang til meir enn 435 mill. kroner ekstra frå meirskatt og sparte finansutgifter målt mot vedtekne budsjett. I same perioden er disposisjonsfonda reduserte med til saman 17 mill. kroner.

Til tross for desse betydelege ekstramidlane har fylkeskommunen ved utgangen av 2000 eit akkumulert underskot på 24,7 mill. kroner, herav 11,5 mill. kroner som skriv seg frå 1991.

Dette syner at driftsnivået på ingen måte har stått i forhold til ressurstilgangen. Det blir arbeidd med ei rekke tiltak for å rette opp dette misforholdet. Mellom anna er det med verknad frå år 2000 innført rammestyring for heile fylkeskommunen, noko som betyr at dei som har hatt mindreforbruk, etter ei vurdering kan få overført mindreforbruket som styrking av budsjettet for neste år, samstundes som dei med meirforbruk kan bli trekt i ramma for neste år. Det positive driftsresultatet for år 2000 kan truleg mellom anna tilskrivas denne ordninga.

Det er nok ein gong helse- og sosialsektoren som har meirforbruk målt mot endeleg budsjett. I år 2000 hadde helse og sosialsektoren eit samla meirforbruk før avsetning til disposisjonsfond på 4,6 mill. kroner.

I år 2000 hadde dei somatiske sjukehusa følgjande resultat før avsetning til disposisjonsfond: Fylkessjukehuset i Volda mindreforbruk 2,8 mill. kroner, Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal mindreforbruk 0,9 mill. kroner, Fylkessjukehuset i Molde meirforbruk 6,7 mill. kroner og Fylkessjukehuset i Kristiansund meirforbruk 1,3 mill. kroner. Tilsvarande tal for dei psykiatriske sjukehusa: Fylkessjukehuset i

Volda mindreforbruk 2,1 mill. kroner, Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal meirforbruk 2,5 mill. kroner, Fylkessjukehuset i Molde mindreforbruk 1,0 mill. kroner, Fylkessjukehuset i Kristiansund mindreforbruk 0,4 mill. kroner.

Den andre store sektoren, utdanning, har eit mindreforbruk før avsetning til disposisjonsfond på 10,6 mill. kroner

Driftsinntektene

Frå år 2000 vart det gjennomført løpande inntektsutjamning for fylkeskommunane sine skatteinntekter. Ordninga fungerer slik at avvik frå budsjettert skatteinngang blir omgåande regulert med tilsvarande tilpassing i utbetalte rammetilskot. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje lenger sjølv kan disponere mogleg ekstra skatteinngang som på –90 talet. I år 2000 fekk Møre og Romsdal fylkeskommune 1,8 mill. kroner meir enn budsjettert i skatteinntekt/ rammetilskot. Dette skriv seg frå ein gjennomsnittleg høgare skatteinngang på landsbasis.

I talmaterialet for overføringar med krav til motyting ligg mellom anna den innsatsstyrte finansieringa av sjukehusa (ISF).

Driftsutgiftene

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremerka tilskot i stor grad ikkje er budsjettert. Det same gjeld fond.

I år 2000 er det utgiftsført 0,5 mill. kroner som tap på krav.

Renter og avdrag

Meirinntekter på 10 mill. kroner frå finansforvaltninga kan dels tilskrivas høgare rente på innskot og betre likviditet.

Budsjettinnsparinga på renteutgifter og netto avdrag på lån er på 22,9 mill. kroner, og kan tilskrivas utsette låneopptak.

Investeringsrekneskapen

Budsjettavvik i investeringsrekneskapen skuldast i liten grad overskridingar eller innsparingar, men heng saman med at byggeprosjekt er budsjettert eitt år medan pro-

DRIFTSINNTEKTER 2000

Mill. kr og prosent

Rammetilskot og ISF	1 867	44,2 %
Fylkesskatt	1 492	35,3 %
Sals- og leigeinnt.	281	6,7 %
Overføringsinnt.	583	13,8 %
Sum	4 223	100,0 %

DRIFTSUTGIFTER 2000

Mill. kr og prosent

Løn/sos. utg.	2427	59,6%
Kjøp varer/ten.	1458	35,8%
Overføringar	184	4,5%
Sum	4069	100,0%
<i>(Korrigert for avskrivningar)</i>		

sjekta går over fleire rekneskapsår. Dette kan gje store periodiserings-avvik mellom budsjett og rekneskap.

78 mill. kroner er mellombels brukt av likviditetsreserven. Av dette gjeld 25 mill. kroner Tjeldbergodden, midlar som skal refunderast frå staten i 2001.

BALANSEN

Aktiva

Investeringar i fylkesveggar frå og med 1961 er pr. 31.12.2000 aktivert med 1 072 mill. kroner.

Passiva

Ved utgangen av år 2000 hadde fylkeskommunen 1.253 mill. kroner i langsiktig gjeld. Det er tekne opp 539 mill. kroner i nye lån i 2000.

Kapitalkontoen viser kor stor del av anleggsmidlane som er finansiert med eigenkapital.

Garantiansvar

Pr. 31.12.2000 hadde fylkeskommunen eit samla garantiansvar på 389 mill. kroner. Av dette gjeld 123 mill. kroner Sykkylvsbrua.

Finansieringsanalyse – tilgang og bruk av midlar

Finansieringsanalysen er ei samanstilling av både drifts- og kapitalrekneskapen og viser nettoutvikling i drift, investeringar og finansieringsverksemd. Samla viser dette korleis den totale verksemda har påverka arbeidskapitalen i 2000.

Arbeidskapitalen, som er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, er positiv med 258 mill. kroner, og er styrka med 432 mill. kroner i 2000. Årsaken til styrkinga er at fleire av dei vedtekne låneopptaka er gjennomførte, og slik sett betra likviditeten.

NØKKELTAL

Skatt og rammetilskotsgrad

Nøkkeltalet viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og generelle tilskot frå staten.

Netto resultatgrad

Viser kor stor del av driftsinntektene som kan nyttast til finansiering av investeringar og avsetningar. Det låge målalet viser at fylkeskommunen ikkje har driftsmidlar til å dekkje anna enn ordinær drift, og heller ikkje nok til det i 1999.

Rente og avdragsbelastning

Viser kor stor del av brutto driftsresultat som går med til å finansiere renteutgifter og avdrag. Måletala dei tre siste åra viser at brutto driftsresultat ikkje har vore stort nok til å dekkje desse postane.

Eigenkapital-finansieringsgrad

Viser i kor stor grad fylkeskommunen er i stand til å dekkje finansieringsbehovet med eigne midlar. Målalet for 1995 var spesielt høgt fordi salet av MRE-aksjar (126,4 mill. kroner) vart nytta til å eigenfinansiere investeringar.

REKNESKAP - B U D S J E T T - KORRIGERT OPPHAV.

A. ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT (i 1000 kr)

DRIFTSINNTEKTER:

L3 Brukerbetalingar	-83 343	-66 182	-25 962
L4 Andre sals- og leigeinntekter	-197 632	-197 633	-66 686
L5 Overføringar med krav til motyting	-1 075 503	-884 991	-160 402
L6 Rammetilskot	-1 223 944	-1 218 105	-1 161 240
L7 Andre statlege overføringar	-127 183	-69 139	-35 861
L8 Andre overføringar	-23 643	-16 463	-15 496
L9 Skatt på inntekt og formue	-1 492 252	-1 501 700	-1 501 700
L10 Eigedomsskatt	0	0	0
L11 Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0
L12 Sum driftsinntekter	-4 223 504	-3 954 214	-2 967 347

DRIFTSUTGIFTER:

L14 Lønsutgifter	1 996 558	1 927 427	1 604 502
L15 Sosiale utgifter	430 579	415 494	162 041
L16 Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenprod.	895 244	838 244	382 369
L17 Kjøp av varer og tenester som erst. eigenprod.	581 779	456 116	404 849
L18 Overføringar	184 348	172 737	261 306
L19 Avskrivningar	102 781	0	0
L20 Fordelte utgifter	-18 568	-32 197	-25 160
L21 Sum driftsutgifter	4 172 722	3 777 823	2 789 907
L23 BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-50 782	-176 391	-177 440

FINANSINNTEKTER:

L25 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-37 890	-27 910	-27 910
L26 Mottatte avdrag på utlån	-443	-430	-430
L27 Sum eksterne finansinntekter	-38 334	-28 340	-28 340

FINANSUTGIFTER:

L29 Renteutgifter, prov. og andre finansutg.	50 034	62 904	62 892
L30 Avdragsutgifter	128 887	138 958	138 958
L31 Utlån	0	0	0
L32 Sum eksterne finansutgifter	178 922	201 862	201 850

L34 RESULTAT EKSTERNE

FINANSUTGIFTER	140 588	173 522	173 510
L35 Motpost avskrivningar	-102 781	0	0
Sum motpost avskrivningar	-102 781	0	0
SUM MOTPOST AVSKRIVINGAR	-102 781	0	0

RESULTAT FØR

INT.FINANSTRANSAKSJONAR	-12 975	-2 869	-3 930
--------------------------------	----------------	---------------	---------------

L36 NETTO DRIFTSRESULTAT	-12 975	-2 869	-3 930
---------------------------------	----------------	---------------	---------------

INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR:

L38 Bruk av tidl.års mindreforbruk	0	-908	0
L39 Bruk av disposisjonsfond	-9 614	-700	-700
L40 Bruk av bundne fond	-62 184	-781	-126
L41 Bruk av likviditetsreserve	0	0	0
L42 Sum bruk av avsetjingar	-71 799	-2 389	-826
L44 Overført til investeringsrekneskapen	9 131	2 715	0
L45 Dekn. av tidl.års reknesk.m. meirforbruk	0	0	0
L46 Avsetjingar til disposisjonsfond	22 090	2 242	975
L47 Avsetjingar til bundne fond	53 552	301	3 781
L48 Avsetjingar til likviditetsreserven	0	0	0
L49 Sum avsetjingar	84 774	5 258	4 756
NETTO AVSETJINGAR	12 975	2 869	3 930
NETTO INTERNE FINANSTRANS	12 975	2 869	3 930
L51 Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0	0	0

KONTO KONTOTEKST

	REKNESKAP	
	2000	1999
EIGENDELAR		
ANLEGGSMIDLAR		
227 - 229 FASTE EIGEDOMAR OG ANLEGG	2 312 013	1 262 238
224 - 226 UTSTYR, MASKINAR OG TRANSPORTMIDLAR	214 707	243 703
222 - 223 UTLÅN	37 329	42 981
221 AKSJAR OG ANDELAR	52 880	36 141
SUM ANLEGGSMIDLAR	2 616 930	1 585 065

OMLAUPSMIDLAR		
213 - 217 KORTSIKTIGE FORDRINGAR	115 168	150 377
219 MATERIALBEHALDNINGAR	25 603	25 252
211 OBLIGASJONAR	72	96
210 KASSE, POSTGIRO, BANKINNSKOT	709 089	156 057
SUM OMLAUPSMIDLAR	849 933	331 784
SUM EIGENDELAR	3 466 864	1 916 849

EIGENKAPITAL OG GJELD		
EIGENKAPITAL		
256 - 258 DISPOSISJONSFOND	-40 952	-28 476
251 - 252 BUNDNE DRIFTSFOND	-64 314	-72 946
253 - 254 UBUNDNE KAPITALFOND	-92 212	-51 171
255 BUNDNE KAPITALFOND	-5 238	-13 053
25900 UINNDEKT NEG. NTO. DRIFTSRES.(REKN.SK.M. U.SKOT) 24 698		24 698
25980 LIKVIDITETSRESERVE	195 904	378 045
25990 KAPITALKONTO	-1 639 172	-805 580
SUM EIGENKAPITAL	-1 621 286	-568 484

GJELD		
245 - 249 ANDRE LÅN	-1 253 586	-842 801
SUM LANGSIKTIG GJELD	-1 253 586	-842 801
232 - 239 ANNAN KORTSIKTIG GJELD	-591 990	-505 563
SUM KORTSIKTIG GJELD	-591 990	-505 563
SUM GJELD	-1 845 577	-1 348 364
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-3 466 864	-1 916 849

ENDRINGAR I ARBEIDSKAPITALEN

(I 1.000 kroner)

	31.12.00	31.12.99	Endring
A Omløpsmidlar	849 934	331 784	518 150
B Kortsiktig gjeld	591 991	505 563	86 428
C = A - B Arbeidskapital	257 943	-173 779	431 722

DISPOSISJONSFOND

(I 1000 kr)	2000	1999	1998	Endr.99-00
1. Sentr. adm. 1)	11 636	13 225	20 224	-1 589
2. Undervisning	8 397	5 916	12 567	2 481
3. Helse, total	18 343	7 446	14 941	10 897
FSHV	7 228	2 419	7 129	4 809
SMR	3 687	885	2 583	2 802
FSHM	4 097	1 849	1 967	2 248
FSHK	3 331	2 293	3 261	1 038
5. Kultur	0	140	217	-140
6. Næring 1)	2 012	298	298	1 714
7. Samferdsel	564	1 451	2 560	-887
Vegsjefen	558	0	1 260	558
Sum disp.fond	40 952	28 476	50 807	12 476

1) I oppstillinga er tiltaksfondet ført over frå sentraladministrasjonen til næring i 2000.

LIKVIDITET

(I 1000 kr)	2000	1999	1998	1997	Endr. 99-00
2.10 - 2.12 Bet.midlar	709 162	156 154	189 589	399 922	553 008
Justert for:					
2.91 Ubrukte lån	-275 829	-63 317	-14 376	-49 070	-212 512
2.56 Disp.fond	-40 952	-28 476	-50 807	-78 266	-12 476
2.51-2.55 Andre fond	-161 764	-137 171	-158 373	-151 245	-24 593
2.5900 Akk.u.skot	24 698	24 698	11 499	11 499	0
2.93 1) Lån.likv.res.	50 683	245 562	193 559	42 425	-194 879
Justert likviditet	305 998	197 450	171 091	175 265	108 548

	REKNESKAP	BUDSJETT	
	2000	KORRIGERT	OPPHAV
REKNESKAPSSKJEMA 2A - (I 1000 kr)			
INVESTERINGSREKNESKAPEN			
1 Investeringar i anleggsmidlar	196 181	212 000	260 900
2 Utlån og forskotteringar	1 118	5 917	4 800
3 Avdrag på lån	0	0	0
4 Avsetjingar	241 128	0	0
5 Årets finansieringsbehov	438 428	217 917	265 700
6 FINANSIERT SLIK:			
7 Bruk av anleggsmidlar	-326 889	-194 400	-241 300
8 Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-31	0	0
9 Tilskot til investeringar	-34 824	-22 400	-24 400
10 Mottatte avdrag på utlån og ref.	-41 734	0	0
11 Andre inntekter	-55	0	0
12 Sum ekstern finansiering	-403 535	-216 800	-265 700
13 Overført frå driftsrekneskapan	-9 131	-679	0
14 Bruk av avsetjingar	-25 761	-438	0
15 Sum finansiering	-34 893	-1 117	0
16 Udekt/udisponert	0	0	0

	REKNESKAP	BUDSJETT	
	2000	KORRIGERT	OPPHAV
C. ØKONOMISK OVERSIKT - (I 1000 kr)			
TILGANG OG BRUK AV MIDLAR			
TILGANG PÅ MIDLAR:			
L2 Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	-4 223 504	-3 954 214	-2 967 347
L3 Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	-34 771	-22 400	-24 400
L4 Innbet. ved ekst. finanstransaksjonar	-407 013	-222 740	-269 640
L5 Sum tilgang på midlar	-4 665 289	-4 199 354	-3 261 387
BRUK AV MIDLAR:			
L8 Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	4 069 961	3 787 556	2 788 901
L9 Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	196 066	212 000	260 900
L10 Utbetalinger ved ekst. finanstransaksjonar	180 051	207 779	206 650
L11 Sum bruk av midlar	4 446 079	4 207 335	3 256 451
L14 Endring i ubrukne lånemidlar	-212 511	0	0
L14 Sum endring ubrukne lån	-212 511	0	0
L15 ENDR. ARB.KAPITAL	-431 721	7 981	-4 936
(- =auke/+ =red.)			

SKATTE- OG RAMMETILSKOTSGRAD

Skatt, rammetilskot og ISF i prosent av sum driftsutgifter (ekskl. int. overf. og renter)

2000	82,5 %
1999	81,3 %
1998	82,5 %
1997	80,9 %
1996	81,8 %
1995	83,5 %
1994	84,9 %

NETTO RESULTATGRAD

Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter (ekskl. int. overf. og renter)

2000	3,1 %
1999	-0,8 %
1998	0,4 %
1997	1,4 %
1996	0,9 %
1995	1,2 %
1994	1,7 %

RENTE- OG AVDRAGSBELASTNING

Renteutgifter + netto gjeldsavgdrag i prosent av brutto driftsresultat

2000	117,0 %
1999	154,4 %
1998	110,1 %
1997	98,0 %
1996	94,0 %
1995	91,3 %
1994	83,0 %

EIGENKAPITALFINANSIERINGSGRAD

Bidrag frå driftsrekneskapan m.m i prosent av sum finansieringsbehov

2000	8,0 %
1999	45,9 %
1998	76,9 %
1997	50,3 %
1996	65,7 %
1995	76,6 %
1994	19,9 %

Fast tilsette fordelt på sektor, kjønn, alder og stillingsstorleik															
				Stillingsstorleik				Alder							
	Årsverk	Ant.pers.	Kjønn	<50 %	50-80%	81-99%	100 %	17-19 år	20-40 år	41-50 år	51-60 år	61-62 år	63-64 år	65-67 år	68 år >
HELSE- OG SOSIALSEKTOREN															
Fylkessjukehuset Molde	996	1343													
	K		1038	193	308	44	493	0	280	379	311	30	21	16	1
	M		305	55	14	4	232	0	86	110	87	8	5	7	2
Fylkessjukehuset Kristiansund	402	537													
	K		438	51	178	17	192	0	135	161	116	17	4	5	0
	M		99	26	7	1	65	0	22	42	27	3	3	2	0
Fylkessjukehuset Volda	370	469													
	K		374	22	199	21	132	2	119	146	84	13	5	4	1
	M		95	6	8	0	81	1	33	29	22	4	3	3	1
Sentralsjukehuset Ålesund	1105	1464													
	K		1208	168	511	45	484	0	428	436	290	28	13	13	0
	M		256	28	14	3	211	0	78	96	67	2	7	5	1
Institusjonar i helsesektoren	378	503													
	K		404	45	200	21	138	0	121	137	119	14	10	3	0
	M		99	14	13	3	68	0	28	42	24	1	2	1	0
UTDANNINGSSEKTOREN															
Pedagogisk personale	1309	1468													
	K		573	49	132	55	337	0	165	189	190	16	7	5	1
	M		895	62	69	36	728	0	116	279	410	46	25	15	4
Driftspersonale i skolane	297	338													
	K		296	29	152	45	70	0	58	81	134	8	8	6	1
	M		92	8	14	2	68	2	18	27	32	6	1	4	2
TANNHELSE TENESTA	149	191													
	K		151	18	54	12	67	0	52	52	40	3	3	1	0
	M		40	2	5	1	32	0	10	6	20	2	0	2	0
SENTRALADM.	229	242													
Inkl. tilsette i fellestenesta, fylkesbiblioteket og distr.musikarar			138	4	23	5	106	0	43	52	29	3	6	5	0
	M		104	1	4	0	99	0	29	39	27	2	4	3	0
Sum	5235	6605	6605	781	1905	315	3603	5	1821	2303	2029	206	127	100	14

Revisjonsmelding

Årsrekneskapen for Møre og Romsdal fylkeskommune 2000.

Fylkesrevisjonen har revidert Møre og Romsdal fylkeskommunes rekneskap for 2000 i samsvar med forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen for 2000 er med dei presiseringar og atterhald som går fram av revisjonsmeldinga, avlagt i samsvar med lov og gjeldande forskrifter, og gjev uttrykk for fylkeskommunens årsresultat og stilling som samsvarar med god kommunal rekneskapsskikk.

Den framlagte rekneskapen som viser eit netto driftsresultat på kr 12.975.018 og eit årsresultat etter avsetjingar på kr 0,00 kan fastsetjast som Møre og Romsdal fylkeskommunes årsrekneskap for 2000. Vi viser elles til den særskilte revisjonsmeldinga.

Hans Blø
fylkesrevisjonssjef



ORGANISASJONSKART

Møre og Romsdal fylkeskommune



Tallmaterialet er basert på nettoutgifter.



Møre og Romsdal fylkeskommune
tlf 71 25 80 00

<http://www.mr-fylke.org>